

*Gunnar Skirbekk*

# **TIDSDIAGNOSE**

**Kunnskapsrelaterte utfordringar  
i kriseramma moderne samfunn**

**SVT Press**

**Universitetet i Bergen 2020**

Publisert 2020

SVT Press

PB 7805, N-5020 Bergen

Norway

Copyright © 2020 SVT Press

All rights reserved. No part of this publication may be reproduced or transmitted in any form or by any means, electronic or mechanical, including photocopy, recording or any information storage and retrieval system, without the permission in writing from the publishers. This book is sold subject to the conditions that it shall not, by way of trade or otherwise, be lent, re-sold, hired out or otherwise circulated without the publishers' prior consent in any form of binding or cover other than that in which it is published and without a similar condition including this condition being imposed on the subsequent purchaser.

Printed by Kopibutikken, Bergen

**ISBN 978-82-7907-012-2**

# Forord

Den føreliggande teksten er ein lett revidert versjon av andre og tredje del av ein engelskspråkleg tekst, publisert i serien *Zeitdiagnosen*, LIT Verlag, Zürich 2019: *Epistemic Challenges in a Modern World*.

Bergen, juni 2020

# Innhald

<b>Innleiande merknader</b>	1
<b>Fire tekstar</b>	3
<i>The United Nations Agenda for Sustainable Development</i>	5
<b>Mine kommentarar</b>	8
<i>Global Compact for Safe, Orderly and Regular Migration</i>	21
<b>Mine kommentarar</b>	23
<i>The Global Risks Report 2019</i>	35
<b>Mine kommentarar</b>	37
<i>NOU 17/2018, Klimarisiko og norsk økonomi</i>	45
<b>Mine kommentarar</b>	49
<b>Samanlikning av dei fire tekstane</b>	53
<b>Konkluderande merknader</b>	59

<b>Kva må gjerast?</b>	61
<b>Universitet</b>	62
<b>Skule</b>	70
<b>Media</b>	73
<b>Sosioøkonomiske og sosiokulturelle føresetnader?</b>	77
<b>“Stat”</b>	79
<b>Oppsummering</b>	83
<b>Referansar</b>	85



# Innleiande merknader

Moderne samfunn er i krise, ei dobbelt krise (kunne vi seie): *ute i verda*, der ulike kriser ofte går i kvarandre og gjerne forsterkar kvarandre, og *på kunnskapsplanet*, der ingen enkeltvitskapleg ekspertise aleine kan gripe kompleksiteten i det som skjer.<sup>1</sup> Derfor er det viktig å drøfte desse kunnskapsrelaterte utfordringane, både kritisk og konstruktivt: kritisk, f.eks. med tanke på einsidig og kortsiktig ekspertise, og konstruktivt, med tanke på meir adekvate kunnskapsmessige konstallasjonar.<sup>2</sup>

Problema som blir drøfta i denne teksten, er påtrengande og viktige. Men komplekse. Derfor er det behov for ulike stemmer. Bidraget mitt, i denne teksten, er forma og prega av bakgrunnen min som vitskapsfilosof. Til informasjon, om kva dette inneber (og dermed, om kva eg kan og ikkje kan), jamfør heimesidene på nettet.

Denne teksten er kortfatta, med mange fotnotar. Dette er eit medvite val, frå mi side. Eg ville skrive ein tekst som er overkommeleg å lese, også for ikkje-fagfolk med lita tid for omfattande lesnad. Samtidig er det rikeleg med notar, for dei som vil sjekke referansar og som ønskjer fleire avklaringar. Referansane

---

<sup>1</sup> Eller, på *tre* plan, dersom vi vil framheve det (relaterte) *institusjonelle* plan; jamfør del to, **Kva må gjerast?**

<sup>2</sup> Den føreliggande teksten er ein lett revidert versjon av andre og tredje del av ein engelskspråkleg tekst, publisert i serien *Zeitdiagnosen*, LIT Verlag, Zürich 2019: *Epistemic Challenges in a Modern World*.

og klargjeringane i fotnotane er avgjerande for det faglege truverdet til teksten som heile. Men, dersom eg hadde lagt dei inn sjølve teksten, er eg redd for at teksten ville ha blitt tyngre å lese for dei med lita tid for omfattande lesnad.



## Fire tekstar

I denne «tidsdiagnosen» skal eg kommentere fire aktuelle tekstar: først to FN-tekstar, nemleg *Agenda 2030* om berekraftig utvikling, med dei 17 berekraftsmåla (*Sustainable Development Goals*), frå 2015, og deklarasjonen om migrasjon, frå desember 2018, deretter årsrapporten frå *World Economic Forum: Risks Report 2019*, frå januar 2019, og til slutt *NOU 17/2018, Klimarisiko og norsk økonomi*, levert til Finansdepartementet i desember 2018.

Desse tekstane er valde fordi dei er relevante for diskusjonen om kriser og kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne samfunn. Det gjeld visseleg for dei to FN-tekstane. Rapporten frå *World Economic Forum* er vald som kontrast, med bakgrunn i ein annan sosio-politisk setting. Teksten om klimarisiko og norsk økonomi er vald på grunn av viktige bidrag til samspelet mellom vitenskaplege analysar og politikk, med fokus på skilnaden mellom kvantifiserbar risiko og radikal usikkerheit i moderne samfunn. Alle tekstane er tilgjengelege på nettet.

Eg skal kommentere dei fire tekstane ut frå sju kunnskapsrelaterte spørsmål, idet eg refererer til sentrale

formuleringar i kvar av tekstane. Lesaren kan kontrollere merknadene mine, ved sjølv å gå inn på tekstane.

# *The United Nations 2030 Agenda for Sustainable Development*

*“Transforming our World: the 2030 Agenda for Sustainable Development”*

Adapted at the *United Nations Sustainable Development Summit* on 25 September 2015.

Denne FN-teksten er ein politisk tekst, ein plan for handling, ikkje ein vitenskapleg tekst. Ikkje desto mindre, for å kunne vere ein truverdig politisk tekst for felles handling i ei kompleks moderne verd, må teksten innehalde fornuftige og realistiske utsegner om sentrale utfordringar, og om korleis vi kan og bør møte desse utfordringane, for å nå dei måla vi stiller opp. Kort sagt, ein må då gjere krav på, eller gå ut frå, at det ein ytrar er haldbart og truverdig, noko som i neste omgang fordrar vitenskapleg grunngeving av forskjellig slag.

Eg skal referere til sentrale formuleringar om dei 17 berekraftsmåla (“sustainable development goals”), og deretter kommentere dette ut frå følgjande sju spørsmål: (i) korvidt begrepsbruken er rimeleg klar, i den gitte konteksten, (ii) korvidt det er indre spenningar mellom dei forskjellige mål, tiltak og begrep, (iii) og korvidt det kan seiast å vere ein mangel på viktige

begrep, i den gitte konteksten; og vidare, (iv) korvidt det ligg føre ei rimeleg erkjenning av kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn, (v) korvidt det ligg føre ei rimeleg erkjenning av gjensidige påverknader mellom sentrale utfordringar i ei moderne verd i krise, og (vi) korvidt det ligg føre ei rimeleg erkjenning av det indre samspelet mellom moderne institusjonar og kulturell modernisering; og dermed, på denne bakgrunnen, (vii) korvidt teksten kan seiast å vere realistisk og truverdig.

Desse spørsmåla går til dels over i kvarandre, ettersom (til dømes) spørsmålet om moglege indre spenningar (punkt (ii)) er avhengig av kor klar begrepsbruken er (punkt (i)), og dermed korleis utsegnene skal tolkast. Tilsvarende for spørsmålet om korvidt det er ein mangel på visse begrep som kan oppfattast som viktige i den gitte konteksten (punkt (iii)); også på dette punktet er ein rimeleg grad av begrepsmessig avklaring nødvendig.<sup>3</sup> Kort sagt, desse sju spørsmåla er ikkje ei ekstern sjekk-liste, men eit sett av overlappende spørsmål som krev nøktern og *case*-orientert drøfting.

Men aller først skal eg referere til dei 17 berekraftsmåla (*sustainable development goals*), her i engelsk original – les dei nøye!

---

<sup>3</sup> Spørsmålet om korvidt eit relevant *begrep* manglar (punkt (iii)), er ikkje avgrensa til spørsmålet om korvidt visse *ord* blir nytta (jf skiljet mellom ord og begrep). Når vi går inn på denne typen spørsmål, bør vi spørje oss om det er *visse tema* som ikkje blir omtala; dermed er vi over i det femte spørsmålet (punkt (v)). (Dessutan, også punkt (iv) and punkt (v) overlappar.)

*Preamble*

*Declaration (§ 1-59)*

### ***Sustainable Development Goals***

- *Goal 1. End poverty in all its forms everywhere*
- *Goal 2. End hunger, achieve food security and improved nutrition and promote sustainable agriculture*
- *Goal 3. Ensure healthy lives and promote well-being for all at all ages*
- *Goal 4. Ensure inclusive and equitable quality education and promote lifelong learning opportunities for all*
- *Goal 5. Achieve gender equality and empower all women and girls*
- *Goal 6. Ensure availability and sustainable management of water and sanitation for all*
- *Goal 7. Ensure access to affordable, reliable, sustainable and modern energy for all*
- *Goal 8. Promote sustained, inclusive and sustainable economic growth, full and productive employment and decent work for all*
- *Goal 9. Build resilient infrastructure, promote inclusive and sustainable industrialization and foster innovation*
- *Goal 10. Reduce inequality within and among countries*
- *Goal 11. Make cities and human settlements inclusive, safe, resilient and sustainable*
- *Goal 12. Ensure sustainable consumption and production patterns*
- *Goal 13. Take urgent action to combat climate change and its impacts\**
- *Goal 14. Conserve and sustainably use the oceans, seas and marine resources for sustainable development*
- *Goal 15. Protect, restore and promote sustainable use of terrestrial ecosystems, sustainably manage forests, combat desertification, and halt and reverse land degradation and halt biodiversity loss*

- *Goal 16. Promote peaceful and inclusive societies for sustainable development, provide access to justice for all and build effective, accountable and inclusive institutions at all levels*
- *Goal 17. Strengthen the means of implementation and revitalize the global partnership for sustainable development*

*\* Acknowledging that the United Nations Framework Convention on Climate Change is the primary international, intergovernmental forum for negotiating the global response to climate change.*

*Means of implementation and the Global Partnership (§ 60-91)*

## ***Mine kommentarar***

*(i) Tilstrekkeleg klar begrepsbruk?*

Ord som “berekraftig” (“sustainable”), “utvikling” (“development”), og “økonomisk vekst” (“economic growth”) er mangetydige, og omstridte. I samsvar med ei gjengs forståing av desse orda, blir “utvikling” (“development”) og “økonomisk vekst” (“economic growth”) ofte forstått som viktige årsaker til mangel på «berekraft» (“sustainability”), økologisk og elles. Å bruke termar som “berekraftig utvikling” (“sustainable development”) og “berekraftig økonomisk vekst» (“sustainable economic growth”) er derfor lett forvirrande. Her er det eit presserande behov for klar begrepsbruk. Men, overraskande nok, desse orda blir ikkje klargjort eller definert, men berre brukt, som om dei korkje var mangetydige

eller omstridte.<sup>4</sup> «Berekraftig” (“sustainable”), “utvikling” (“development”), “berekraftig økonomisk vekst” (“sustainable economic growth”) – ingen av disse termene blir klargjorde.<sup>5</sup>

Denne mangelen på begrepsavklaring, av sentrale ord og uttrykk, kan ha vori nyttig med tanke på å oppnå ein *politisk* konsensus i FN-systemet; men den uavklarte begrepsbruken har negative *kunnskapsmessige* implikasjonar for teksten som heilskap. Dessutan kan denne mangelen på avklaring av sentrale begrep vise seg å vere *problematiske* når ein i praksis prøver å ta hand om desse presserande problema.

*(ii) Spenningar mellom ulike mål?*

Velstand («prosperity») og økonomisk vekst, og på same tid ei økologisk berekraftig framtid – er det ikkje ei spenning her? Kort sagt, mellom menneskelege behov og naturens grenser? Ei spenning som blir tildekt på grunn av manglande begrepsavklaring? Jamfør til dømes den tredje setninga i *Preamble*: “Vi erkjenner at det å utrydde fattigdom i alle dens former og dimensjonar, medrekna ekstrem fattigdom, er den største globale utfordringa og eit uunnverleg krav for berekraftig utvikling.» (“We recognize that

---

<sup>4</sup> Den tvitydige termen “berekraftig utvikling” (“sustainable development”) går attende til Brundtland-rapporten (*Our Common Future*), frå 1987.

<sup>5</sup> Det same gjeld for (1) grunnleggande *normative* termar, slik som “menneskerettar” (“*human rights*”); som kontrast, jamfør t.d. dei klargjerande diskusjonane om menneskerettane, hos Onora O’Neill, i *Justice Across Boundaries*, Cambridge University Press, Cambridge 2016.; og også for (2) *samfunnsvitskaplege* og *rettslege* termar, slik som “*stat*”, jamfør t.d. Francis Fukuyama, *Political Order and Political Decay*, Farrar, Straus and Giroux, N.Y. 2014, eller Øyvind Østerud, *Det globale statssystemet*, Dreyer, Oslo 2018.

eradicating poverty in all its forms and dimensions, including extreme poverty, is the greatest global challenge and an indispensable requirement for sustainable development”).) Er det ikkje ei spenning her, i det minste potensielt – alt avhengig av korleis ulike ord og uttrykk blir klargjort? Er det ikkje ei spenning mellom økonomisk vekst og velstand, på den eine sida, og naturen med dens grenser på den andre?<sup>6</sup> Tilsvarandre står det (også i *Preamble*): “vi ... stør behova til noverande og framtidige generasjonar» (“we .... support the needs of the present and future generations”). Godt så, men igjen, er det ikkje ei spenning her, i det minste potensielt, mellom økonomisk vekst og velstand for den noverande generasjon, og livsgrunnlaget for kommande generasjonar?<sup>7</sup>

---

<sup>6</sup> Dessutan, kva betyr det, og korleis kan vi vite det? «Uunnverleg krav» (“indispensable requirement”), i kva forstand? “Den største globale utfordringa” (“the greatest global challenge”) – men kva med menneskeslektas overleving, eller framtidig liv på jorda? Tilsvarande, punkt 29 i deklarasjonen (*Declaration*): “Vi anerkjenner dei positive bidrag frå migrantane for inkluderande vekst og berekraftig utvikling.» (“We recognize the positive contributions of migrants for inclusive growth and sustainable development.”) Er det berre positivt, for ei berekraftig framtid, dersom mange menneske frå lågforbrukssamfunn flyttar til høgforbrukssamfunn? Er det ingen spenningar her, ikkje eingong potensielt?

<sup>7</sup> Kort sagt, dei første 12 berekraftsmåla (*SDGs*) refererer primært til menneskelege behov og utfordringar i den samanhengen. Først deretter, som mål nummer 13, er det eit (kortfatta) berekraftsmål om “klimaforandring og verknadene av den» (“climate change and its impacts”), som blir etterfølgt av eit mål (nummer 14) om berekraftig bruk av hav og marine ressursar, og eitt (nummer 15) om berekraftig bruk av landbaserte økosystem. Deretter er det eit mål om behovet for pålitelege institusjonar (nummer 16), og eit siste (nummer 17) om “implementeringsmåtar” (“means of implementation”), som omhandlar “finance”, der det blir fokusert på finansiell støtte til utviklingsland (“support to developing countries”), og “technology”, der det blir fokusert på «vitskap, teknologi, og innovasjon» (“science, technology and innovation”), etterfølgt av ein kort notis om “capacity-building”, “trade”, and “systemic issues”. Med andre ord, dei aller fleste «berekraftsmåla» handlar ikkje om klima og økologi, men om kampen mot fattigdom og om velstandsauke.



*(iii) Mangel på viktige begrep?*

Ein mangel på relevante begrep kan vise seg ved at visse sentrale ord og uttrykk er fråverande; men mangel på relevante begrep kan også vise seg når visse tema blir neglisjerte. Uansett – i denne teksten er det, for eksempel, ingen omtale av *demografiske utfordringar* på grunn av regional overbefolkning. Det er neppe tilfeldig: Under mål 5 (*Achieve gender equality and empower women and girls*, § 5.6) blir “reproduktiv helse og reproduktive rettar” (“reproductive health and reproductive rights”) omtala med referanse til *UN Program of Action of the International Conference on Population and Development* (1994). I forordet til rapporten frå denne konferansen blir det uttrykkeleg sagt at ein no har gått bort frå eit fokus på antal menneske til eit fokus på menneskeleg livskvalitet.<sup>8</sup> Kort sagt, utfordringane knytte til *regional overbefolkning* blir her med overlegg oversett.<sup>9</sup>

---

<sup>8</sup> Arbeidet med denne FN-planen om befolkningsspørsmål vart leia av Thoraya Ahmed Obaid, ein litteraturvitar med profesjonell interesse i kulturstudiar om religion og lokale tradisjonar. Hennar agenda: reproduktive rettar og reproduktiv helse, og samtidig ei understreking av at kvar familie har rett til å avgjere kor mange barn dei vil ha. Jf. UNFPA (United Nations Fund for Population Activities), *Programme of Action. Adopted at the International Conference of Population and Development*, Cairo, 5-13 september 1994 (20<sup>th</sup> Anniversary Edition 2014), § 7.3 (p. 60) og §7.12 (p. 64).

<sup>9</sup> Her, ei påminning: I Niger er den gjennomsnittlege reproduksjonsraten per kvinne omkring sju barn, ifølgje FN's statistikk. I 1950 var folketalet om lag 2,5 millionar, i dag rundt 20 millionar. Ifølgje eit FN-estimate, dersom denne trenden held fram, vil folketalet i 2095 vere på runndt 180 millionar. Neppe berekraftig. Dessutan, Niger er primært eit jordbruksland, hardt ramma av klimaendringane, og med ein svært svak statsadministrasjon. Til info, <https://un.fn.no/Land/Niger?indicator=Befolkningstall&id=494> (jf. *FN-Sambandet*; United Nations Association of Norway). – Her bør vi samtidig vurdere motargumenta, t.d. dei som er sette fram i *Empty Planet. The Shock of Global Population Decline*, ved dei to kanadiske journalistane Darrell Bricker og John Ibbitson (2019). Dei argumenterer for ein framtidig *nedgang* i det globale folketalet, mellom anna på grunn av aukande urbanisering,

Teknologi blir omtala fleire gonger, positivt og optimistisk. Men utviklinga og spreininga av moderne *militære teknologiar* blir ikkje nemnt, heller ikkje faren for *militære konfrontasjonar* og for bruk av ulike masseødeleggingsmiddel i ei verd med aukande geopolitiske spenningar og uorden. Er ikkje desse faktorane relevante for målsetjinga om ei berekraftig framtid? <sup>10</sup>

---

med den følge at store familiar blir dysfunksjonelle. Og det finst visseleg også andre (meir dramatiske) sscenario om nedgang i folketal, slik som (1) omfattande krigføring, eventuelt med ABC-våpen (atomære, biologiske, og kjemiske masseødeliggingsmiddel), som vil kunne redusere folketalet i verda drastisk, eller (2) omfattande pandemiar, med same resultat, eller (3) drastiske geologiske eller kosmologiske hendingar (som omfattande vulkanutbrott og kolliderande asteroidar), med fatale følgjer for menneskeleg overleving. – Men, som mot-mot-argument: sjølv med ein betydeleg reduksjon av folketalet på Jorda kan det likevel bli “overbefolkningsproblem”, dersom, samtidig, tilstanden på Jorda blir betydeleg forverra, anten med tanke på stadene der menneske kan overleve, eller med tanke på tilgjengelege ressursar som er avgjerande for (menneskeleg) liv på Jorda, eller både-og. Med andre ord, dersom Jorda sjølv “krympar” på denne måten (jf. t.d. IPBES rapporten frå april/mai 2019), kan det likevel bli “overbefolkning”, jamvel om folketalet globalt går ned.

<sup>10</sup> I FNs Agenda for berekraftig utvikling er det, så vidt eg kan sjå, ingen referanse til *det militære* og til den verknaden som det militære kan ha på klimaendringane, korkje om verknadene av militær infrastruktur og militære aktivitetar i fredstid, eller om verknadene av militære operasjonar ved regional eller global krigføring. Men, blant militære strategar er dette eit tema. For eksempel, jamfør *Center for Climate and Security (CCS) exploring the security risks of climate change* presenterer (på internett, 3. mai 2019), ein *Update (Chronology of U.S. Military Statements and Actions on Climate Change and Security: Jan 2017 – April 2019)*, som opnar med følgjande utsegn: “Since January 2017, twenty-eight senior officials at the U.S. Defense Department (DoD) have publicly raised concerns about, and recommended actions to address, the security implications of climate change, both due to its effect on military infrastructure, readiness and operations, and its broader geostrategic implications for the United States. This includes then-Secretary of Defense, [James Mattis](#); ... [et al.]” Denne fråsegna gir uttrykk for ei dobbelt bekymring: (1) verknaden av klimaendringane på dei militære installasjonane og den militære slagkrafta, og (2) moglege (militære) konfliktrar på grunn av klimaendringane. Likevel, der er ingen omtale av dei militære påverknadene på klimaet (i fredstid eller i krig). Så vidt eg ser (når eg surfar på nettet), er denslags einsidig omtale (der ein ser bort frå dei verknadene det militære, i fred og under krig, kan ha på klimaet) typisk for denne typen halv-offisielle utsegner om klimaendring og det militære, medrekna det industriell-militære kompleks.

Ein omtale av *modernitet* og *modernisering* finst ikkje. Det gjeld institusjonell modernisering så vel som den relaterte kulturelle og kunnskapsmessige moderniseringa.<sup>11</sup> Jamfør kommentarane under punkt (iv) and point (vi) nedanfor. Heller ikkje er det nokon omtale av samspelet mellom klimaendring og migrasjon.<sup>12</sup>

Økonomisk vekst blir nemnt fleire gonger, relatert til “private business activity, investment and innovation” (*Means of implementation* § 66/67) og relatert til fri handel ut frå WTO (Goal 17), men ikkje relatert til moderne globalisert *kapitalisme*. Samtidig blir forsvaret av “arbeidsrettar” (“labor rights”) og av “anstendig arbeid for alle» (“decent work for all”, Goal 8) sterkt framheva. Men korleis? – gitt moderne kapitalisme, saman med nye teknologiar som har ein tendens til å endre arbeidsmarknaden dramatisk, og saman med regional overbefolkning, ofte i land som praktisk talt er utan ein velfungerande statsadministrasjon?

Tilsvarande blir *ord* som “stat” (“State”) og “land” (“country”) nytta titt og ofte, men utan avklaring av dei ulike

---

<sup>11</sup> Ordet “moderne” (“modern”) dukkar opp seks gonger. Fire gonger som «... moderne energi” (“... modern energy...”), ein gong som “... moderne og berekraftig energi» (“... modern and sustainable energy...”), og ein gong som «... moderne slaveri» (“...modern slavery...”).

<sup>12</sup> For eksempel, jamfør Snorre Kverndokk i “Climate Policies, Distributional Effects and Transfers Between Rich and Poor Countries”, *International Review of Environmental and Resource Economics*, 2018, 12: 129-176. T.d. side 165 (4.4 Climate Migration), der han refererer til ein hypotese om ein vond sirkel, av migrasjon og aukande utsepp: “The North may lose from migration owing to decreasing returns in production, whereas the South will gain. Migration from South to North will increase global emissions, as it is assumed that emissions from the South are negligible. Again, this [increased global emission, increased global climate crisis] reduces production and welfare in the South and reinforces the incentive to migrate.”

*begrepa* som desse orda står for (eller skjuler). For eksempel, under *Goal 17* blir mobilisering av “finansielle ressursar for utviklingsland” (“financial resources for developing countries”) nemnt. Kva då med tilfelle som Sør-Sudan? Formelt ein “stat”, men utan dei institusjonane og den infrastrukturen som krevst for å vere ein “stat” i ei kvalifisert tyding, t.d. å vere i stand til å ta imot konstruktiv finansiell assistanse, slik som Marshall-planen etter andre verdskrig, og ikkje berre kunne ta imot spontan hjelp i akutte nødssituasjonar.

(iv) *Ei erkjening av grunnleggande kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn?*

Med tanke på grunnleggande kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn vil eg framheve tre hovudspørsmål:<sup>13</sup> (1) Kor *sikker* eller *usikker* er dei ulike kunnskapspretensjonane?<sup>14</sup> (2) I kva grad er dei *påverka* av eksterne interesser og maktforhold?<sup>15</sup> (3) Kva med ulike fagrelaterte *føresetnader* og *begrensningar*? – I denne FN-teksten inngår det knapt noko av dette slaget: (1) Ingen diskusjon om kunnskapsmessig sikkerheit og usikkerheit for dei ulike utsegnene. Det rår generelt ein stadfestande retorikk: “vi anerkjenner ....» («we recognize ...” e.g., § 29, 33, 36, 41 etc.), “vi erkjenner ...»

---

<sup>13</sup> Jf. *Epistemic Challenges in a Modern World*, s. 14-17.

<sup>14</sup> Som kontrast, jamfør dei omfattande og opne diskusjonane omkring denne type spørsmål i samband med corona-krisa.

<sup>15</sup> Herunder, prestisje. Jamfør ordkrigen mellom USA og Kina om kor og korleis corona-viruset oppstod.

(«we acknowledge ...» e.g., § 31, 44 etc.), “Vi stadfester” (“we reaffirm ...” e.g., § 11).<sup>16</sup> (2) Det er heller ingen diskusjon om moglege makt-relaterte aspekt ved eins egne utsegner (i det ein seier og ikkje seier). I denne forstand er teksten tilsynelatande ukontroversiell. (3) Heller ikkje er det nokon diskusjon om ulike forskingsmessige føresetnader og begrensningar. Jamfør *Goal 9,5* om “vitskapleg forskning” (“scientific research”) og om “ein betydeleg auke i antalet av dei som arbeider med forskning og utvikling” (“substantially increasing the number of research and development workers”), og *Goal 17,6* om “vitskap, teknologi og innovasjon” (“science, technology and innovation” og “knowledge sharing”), og § 70, eit omfattande punkt (nesten ei side) om «vitskap, teknologi og innovasjon» (“Science, Technology and Innovation”, “STI”); men det er ikkje eitt ord om behovet, i modern vitskapsbaserte risiko-samfunn, for forskjellige vitskaplege disiplinær, heller ikkje eitt ord om ulike disiplinrelaterte føresetnader og begrensningar.

*(v) Fokus på den gjensidige samanveving av ulike utfordringar i ei moderne verd i krise?*

---

<sup>16</sup> I same kontekst, i ein lett sjølvgratulatorisk tone: “Vi stadfester igjen resultatet frå alle sentrale FN-konferansar og toppmøte som *har lagt eit solid grunnlag* for ei berekraftig utvikling ...” (“We reaffirm the outcomes of all major UN conferences and summits which *have laid a solid foundation* for sustainable development ...” § 11, mi kursivering). Dessutan, det er uklart korvidt denne utsegna primært refererer til eit solid *politisk* grunnlag (ein politisk konsensus) eller til eit solid *kunnskapsmessig* grunnlag (vitskapleg veletablerte kunnskapspretensjonar). Kanskje både-og?

Med tanke på utfordringane i moderne samfunn er det viktig å framheve at ulike faktorar ofte går over i kvarandre og gjerne forsterkar kvarandre, slik som klimaendringar, svake statar, global kapitalisme, regional overbefolkning, geopolitiske spenningar, og militære konflikhtar. Interessant nok, nettopp dette (at ulike utfordringar går over i kvarandre) er eit hovudpoeng i Davos-rapporten *Global Risks 2019* (som vi skal sjå nedanfor). Men ikkje, uttrykkeleg og kritisk, i denne FN-deklarasjonen om berekraftige utvikingsmål. Tilsynelatande kan ulike aktørar velje eitt av dei ulike berekraftsmåla, utan å bry seg med dei andre berekraftsmåla. På eitt vis er det rimeleg nok, ettersom ingen kan gjere noko konkret og meiningsfullt med alle måla samtidig. Men på den andre sida kan dette føre til ein illusorisk eindimensjonal optimisme, som om éin type ekspertise kan gjere jobben, på eigahand.<sup>17</sup>

*(vi) Fokus på samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet?*

I den klassiske diskusjonen om modernitet og modernisering<sup>18</sup> er utgangspunktet *differensiering* av *institusjonar* og av (tilhøyrande) *gyldigheitsformer* (herunder ei differensiering av ulike vitskaplege disiplinar og ulike former for fornuft og rasjonalitet). Dermed er det også fokus på det indre samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet – kort sagt, ikkje alle slag av kulturell

---

<sup>17</sup> Eller, som om eit avgrensa utval av fag, t.d. av teknologisk og økonomisk art, er tilstrekkeleg i moderne risiko-samfunn.

<sup>18</sup> I tradisjonen frå Max Weber og Jürgen Habermas.

identitet er kompatible med moderne institusjonar. For eksempel, grunnleggande aspekt ved ein fornuftig og rasjonell kulturell identitet for personar i eit *klan*-samfunn<sup>19</sup> går ikkje så godt for eit liv som statsborgar i ein *moderne rettsstatleg velferdsstat* (av nordisk type), basert på lovstyre, gjensidig og allmenn tillit, og eit skilje mellom profesjonelle og personlege roller. Derfor er det overraskande å lese utsegner som denne (§ 36): “Vi erkjenner at alle kulturar og sivilisasjonar kan bidra til, og på avgjerande vis mogleggjer, berekraftig utvikling» (“We ... recognize that all cultures and civilizations can contribute to, and are crucial enablers of, sustainable development”). Nei, ikkje i moderne vitskapsbaserte og institusjonelt differensierte samfunn! Vi minner om Habermas’ begrep om “kulturell modernisering”: (1) ei reflektiv erkjenning av det faktum at andre folk, som fornuftige personar, kan ha forskjellige overtydingar og oppfatningar, (2) ein aksept av vitskaplege gyldigheitspretensjonar som rimelege, i den monn dei er udogmatiske og kontrollerte på ein sjølvkritisk og fagleg adekvat måte, og (3) ein kulturell og personleg identitet som skil mellom ulike sosiale roller i ulike moderne institusjonar, slik som skiljet mellom profesjonelle roller og private, og mellom rettslege institusjonar og religiøse overtydingar og tradisjonar.

---

<sup>19</sup> “Klan-samfunn”, ordet kan vise til eit vidt spekter av forskjellige samfunn. I denne konteksten vil eg berre peike på det allmenne skiljet mellom (1) den type kulturell identitet og samfunnsmessige roller som er høvelege og fornuftige i moderne vitskapsbaserte samfunn med velfungerande offentlege institusjonar og (2) den type kulturell identitet og samfunnsmessige roller som er høvelege og fornuftige i land som i større eller mindre grad manglar den type offentlege institusjonar som er karakteristiske for moderne statar.

Dessutan, vi minner om dei fatale utfordringane, «anomaliane», som oppstår i moderne samfunn når berre instrumentell rasjonalitet blir nytta, som ved praktisk bruk av naturvitskapar og teknologi, men ikkje tolkande og argumenterande rasjonalitet, som i samfunnsvitskap og humaniora. I slike tilfelle kan vi omtale denne typen personar som «*halvmoderne*».<sup>20</sup> Tilsvarande finst det dei som avskyr og misliker open og opplyst diskusjon på søk etter betre argument, der ein er open for motargument, noko som er grunnleggande for all seriøs forskning og vitskapleg verksemd,<sup>21</sup> i naturvitskaplege så vel som i samfunnsvitskaplege og humanvitskaplege disiplinar, og også for moderne demokratiske samfunn. Denne «anomalien», med angst og avsky for relevante motargument, kan med rette kallast “*argumentofobi*”.<sup>22</sup>

*(vii) Realistisk og truverdig?*

Med desse merknadene til FNs deklarasjon om berekraftig utvikling, kor endar vi opp? Gode intensjonar, vil eg meine. Og visseleg ein vrien sjanger, der ein skal prøve å oppnå konsensus om påtrengande og vanskelege saker. Realistisk sett, kanskje det beste vi kunne vente? Men eg tviler på det – for eg trur at ting kunne bli gjort både meir grundig og meir overtydande. Med andre ord, ut frå ei “melioristisk” (forbetrande) holdning, der ambisjonen ikkje er

---

<sup>20</sup> Jf. *Epistemic Challenges in a Modern World*, s. 18.

<sup>21</sup> Alle universitetsfag har doktordisputas.

<sup>22</sup> Term lånt frå Lars Johan Materstvedt. Sjå *Epistemic Challenges in a Modern World*, s. 19.



perfeksjon, som lett kan føre til vonbrott og pessimisme, men ei tru på at ting ofte kunne gjerast betre enn dei faktisk vart gjort. Generell pessimisme, slik eg ser det, botnar ofte i ei tilskodarholdning; men så lenge vi er deltakarar og aktive personar, kan og bør vi gå inn for moglege forbetringar. Uansett, som vurdering av denne FN-deklarasjonen: korleis skal vi oppsummere det heile? På bakgrunn av det vi har sagt, er dette min konklusjon: Ideelt sett, her er det avgjort eit potensiale for forbetring – kort sagt, for å bli meir oppdatert, meir realistisk, og dermed meir truverdige.



# ***Global Compact for Safe, Orderly and Regular Migration***

United Nations; final draft, 11 July 2018; affirmed (not legally binding) by “Heads of State and Government and High Representatives” in Morocco, 10-11 December 2018.<sup>23</sup>

*Preamble (§1-7)*

*Our Vision and Guiding Principles (§8-15)*

*Our Cooperative Framework (§ 16)*

*Objectives and Commitments (§17-39)*

*Implementation (§ 40-47)*

*Follow-Up and Review (§48-54)*

## **Objectives for Safe, Orderly and Regular Migration**

*(1) Collect and utilize accurate and disaggregated data as a basis for evidence-based policies*

*(2) Minimize the adverse drivers and structural factors that compel people to leave their country of origin*

---

<sup>23</sup> På møtet i Marokko i desember 2018 fekk denne deklarasjonen (*Global Compact for Migration*) *ikkje* tilsutning frå desse statane: Australia, Austerrike, Bulgaria, Chile, den Tsjekkiske Republikk, den Dominikansk Republikk, Estland, Ungarn, Italia, Latvia, Polen, Slovakia, Sveits, Israel og USA.

- (3) Provide accurate and timely information at all stages of migration*
- (4) Ensure that all migrants have proof of legal identity and adequate documentation*
- (5) Enhance availability and flexibility of pathways for regular migration*
- (6) Facilitate fair and ethical recruitment and safeguard conditions that ensure decent work*
- (7) Address and reduce vulnerabilities in migration*
- (8) Save lives and establish coordinated international efforts on missing migrants*
- (9) Strengthen the transnational response to smuggling of migrants*
- (10) Prevent, combat and eradicate trafficking in persons in the context of international migration*
- (11) Manage borders in an integrated, secure and coordinated manner*
- (12) Strengthen certainty and predictability in migration procedures for appropriate screening, assessment and referral*
- (13) Use migration detention only as a measure of last resort and work towards alternatives*
- (14) Enhance consular protection, assistance and cooperation throughout the migration cycle*
- (15) Provide access to basic services for migrants*
- (16) Empower migrants and societies to realize full inclusion and social cohesion*
- (17) Eliminate all forms of discrimination and promote evidence-based public discourse to shape perceptions of migration*
- (18) Invest in skills development and facilitate mutual recognition of skills, qualifications and competences*
- (19) Create conditions for migrants and diasporas to fully contribute to sustainable development in all countries*
- (20) Promote faster, safer and cheaper transfer of remittances and foster financial inclusion of migrants*

*(21) Cooperate in facilitating safe and dignified return and readmission, as well as sustainable reintegration*

*(22) Establish mechanisms for the portability of social security entitlements and earned benefits*

*(23) Strengthen international cooperation and global partnerships for safe, orderly and regular migration*

## ***Mine kommentarar***

Først, nokre generelle poeng:

Dette er ein politisk tekst, om korleis vi kan oppnå “trygg, ordna og regelstyrt migrasjon» (“safe, orderly and regular migration”) for migrantar, ikkje for flyktingar (§ 4).<sup>24</sup> Tragediar og utfordringar ved irregulær migrasjon utgjer bakkeppet. Kort om innhaldet: (1) Éi målsetjing (§ 17) er å få påliteleg *informasjon* (helst i form av digitaliserte data) *om* migrantar,<sup>25</sup> og *for* migrantar (t.d., om trygge

---

<sup>24</sup> § 4: “..., migrants and refugees are distinct groups governed by separate legal frameworks. Only refugees are entitled to the specific international protection as defined by international refugee law.” Kort sagt, flyktingar er personar som er forfølgde (“persecuted”) i landet dei kom frå (FNs Flyktingkonvensjon, *Refugee Convention*, frå 1951). Dei har rett til å søkje om asyl i det landet dei har flykta til. Men det er opp til kvar stat å avgjere korvidt ein person som har fått asyl, også skal få rett til permanent opphald, jamfør Hanne Sophie Greve (tidlegare dommar ved den internasjonale domstolen i Haag og ved den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg), i ein kronikk i *Aftenposten*, 16. januar 2016, “Alle flykninger har ikke rett til å bli værende”: “En flyktning har krav på asyl som nødhjelp, men kan ikke kreve permanent bosetting i et nytt land”. Følgjeleg, dersom situasjonen i opphavslandet betrar seg på avgjerande vis, kan retten til asyl bli trekt tilbake. Jamfør t.d. *Neue Züricher Zeitung*, 3.juli 2016 (her i tysk original): “Fast 200 Flüchtlinge verlieren Asylstatus. Das Staatssekretariat für Migration (SEM) hat letztes Jahr 189 Flüchtlingen den Asylstatus aberkannt, weil sie in ihr Heimatland gereist waren oder mit deren Behörden Kontakt gehabt haben.” “Anerkannte Flüchtlinge, die das Gastland verlassen, um das Land zu besuchen, aus dem sie zuvor vor Verfolgung geflohen waren, können ihren Status als Flüchtling wieder verlieren.”

<sup>25</sup> Påliteleg dokumentasjon om identitet, t.d., for retur til opphavslandet (“country of origin”), eller for overvaking av potensielle terroristar.

migrasjonsruter, og om rettar og plikter, § 4, 5), og om korleis ein kan samanlikne ferdigheiter og kompetanse som er relevante for arbeid og utdanning i destinasjonsland («countries of destination», § 6). (2) Éi målsetjing (§ 22) er å “sikre anstendig arbeid” (“ensure decent work”) og å motverke utnytting (spesielt for kvinnelege migrantar<sup>26</sup>), pluss tiltak mot menneskesmugling («trafficking and smuggling», § 25, 26). (3) Ei anna målsetjing (§ 36, 37) er knytt til pengar og ressursar: lettare pengeoverføringar for migrantar som har tent pengar ved arbeid i destinasjonsland; lettare retur for migrantar som ønskjer å returnere til landet dei kom frå; og rett til å ta med seg sosial gode som er opptente i destinasjonslandet (§ 38); samt finansielle og andre former for hjelp for landa dei kom frå («countries of origin»,<sup>27</sup> § 39, d).

Dette er ikkje eit rettsleg bindande dokument (§ 7). Det har status av ein forpliktande lovnad ved dei statane i FN-systemet som er samde om denne deklarasjonen (*Global Compact for Migration*). Avtalens konsensuelle status blir framheva<sup>28</sup> (§ 9); vidare blir det framheva at avtalen er basert på tidlegare FN-vedtak, særleg *Agenda 2030 for berekraftig utvikling* (§ 2).

---

<sup>26</sup> Afrikanske og aust-asiatiske kvinner som gjer husarbeid i arabiske land, synest å vere éi av målgruppene for denne problematikken.

<sup>27</sup> Same stad: “... by mobilizing technical, financial and human resources ... in order to assist all States in fulfilling the commitments outlined in this Global Compact.”

<sup>28</sup> Jf. § 9, “This Global Compact sets out our common understanding, shared responsibility and unity of purpose regarding migration, making it work for all.” § 15, “Its [The Global Compact’s] authority rests on its consensual nature, ...”

Denne understrekinga av konsensus og felles målsetjing blir kombinert med ein karakteristikk av migrasjon som noko *positivt*, som «ei kjelde til velstand, innovasjon og berekraftig utvikling i vår globaliserte verd» (“a source of prosperity, innovation and sustainable development in our globalized world”, § 8).<sup>29</sup> Berre positivt?<sup>30</sup> Denne typen ein-sidedig positiv omtale av migrasjon blir tatt eit steg lengre i *Objective 17* (§ 33 f), der medlemsstatane blir bedne om å “fremje medvits-formande kampanjar ... for å informere offentlege oppfatningar angående dei positive bidrag ved trygg, ordna og regelstyrt migrasjon» (“promote awareness-raising campaigns ... in order to inform public perceptions regarding the positive contributions of safe, orderly and regular migration”). Kva med problematiske og negative verknader?<sup>31</sup>

Eg skal no gje nokre meir spesifikke merknader, med utgangspunkt i dei same sju spørsmåla som eg nytta for kommentarane mine til

---

<sup>29</sup> “... and that these positive impacts can be optimized by improving migration governance” (ibid.).

<sup>30</sup> Dessutan, migrasjon blir sagt å vere “ei kjelde til velstand ... og berekraftig utvikling” (“a source of prosperity ... and sustainable development”): Ingen spørsmål her? Ingen spenningar? Sjå punkt (ii) nedanfor.

<sup>31</sup> For eksempel, jamfør negative verknader på arbeidsmarknaden for dei som tilhøyrer underklassa (i destinasjonslanda), på grunn av arbeidsinnvandring. Sjå punkt (ii) nedanfor. Dessutan, i diskusjonen forut for møtet i Marokko i desember 2018 var det mange som såg denne målsetjinga, i *Objective (17)*, om å “omforme oppfatningane om migrasjon” (“to reshape perceptions of migration”), som ein utidig politisk instruks til media og det offentlege ordsiftet, og dermed som ei krenking av ytringsfridommen.

Agenda 2030 om berekraftig utvikling (*the 2030 Agenda for Sustainable Development*).<sup>32</sup>

(i) *Tilstrekkeleg klar begrepsbruk?*

Også her er termen “berekraftig” (“sustainable”) uklar. Det gjeld den hyppige bruken av uttrykket «berekraftig utvikling» (“sustainable development”), og for formuleringar slik som “vedvarande, inklusive og berekraftig økonomisk vekst” (“sustained, inclusive and sustainable economic growth”, § 18, d),<sup>33</sup> eller i uttrykk som «berekraftig reintegrering» (“sustainable reintegration”, § 37, g), som definitivt synest å referere til sosio-økonomiske faktorar, ikkje til naturen med dens dramatiske grenser og sårbarheit.<sup>34</sup>

(ii) *Spenningar mellom ulike mål?*

---

<sup>32</sup> Dessutan, ettersom *the Global Compact for Migration* uttrykkeleg refererer til *the 2030 Agenda Sustainable Development*, vil kommentarane mine om denne agendaen vere direkte relevante også for *Global Compact* om migrasjon..

<sup>33</sup> Same stad: “Invest in sustainable development at local and national levels in all regions allowing all people to improve their lives and meet their aspirations, by fostering sustained, inclusive and sustainable economic growth, including private and foreign direct investment and trade preferences, to create conducive conditions that allow communities and individuals to take advantage of opportunities in their own countries and drive sustainable development.”

<sup>34</sup> § 37, h: “Facilitate the sustainable reintegration of returning migrants into community life by providing them equal access to social protection and services, justice, psycho-social assistance, vocational training, employment opportunities and decent work, recognition of skills acquired abroad, and financial services, in order to fully build upon their entrepreneurship, skills and human capital as active members of society and contributors to sustainable development in the country of origin upon return.”



“Berekraftig utvikling” (“sustainable development”) – enno ein gong: det er pågåande diskusjonar om det problematiske forholdet mellom økonomisk utvikling og ei berekraftig framtid, mellom økonomisk vekst og aukande forbruk på den eine sida og klimaforandringar og andre miljøutfordringar, som i stor grad er menneskeskapte, på den andre. Men ikkje her, ikkje i denne teksten. Her er det ingen diskusjon om moglege spenningar av dette slaget.

Tilsvarande, når eit aukande antal personar tilpassar seg ein livsstil med høgt forbruk av fossil energi og aukande CO<sub>2</sub>-utslepp, kvifor skulle ikkje det bli sett på som ei miljøutfordring, og ikkje berre i Kina,<sup>35</sup> men også dersom eit stort antal migrantar får eit vesentleg høgare forbruk? I så fall er migrasjon sjølv eit problem.

Kor mange? *Antal tel. (Anzahl zählt.)* Demografi betyr noko. Under henvisning til „drivarar og strukturelle faktorar som tvingar folk til å forlate heimlandet“ (“drivers and structural factors that compel people to leave their country of origin”, *Objective 2*), er det ei lang liste med slike faktorar (§ 18, b),<sup>36</sup> men ikkje eitt ord om

---

<sup>35</sup> I Kina, med ein effektiv eitt-barn-politikk, men der anslagsvis tre- til firehundre millionar har fått ein rimeleg god levestandard i økonomisk forstand.

<sup>36</sup> § 18, b: “Invest in programmes that accelerate States’ fulfillment of the Sustainable Development Goals with the aim of eliminating the adverse drivers and structural factors that compel people to leave their country of origin, including through poverty eradication, food security, health and sanitation, education, inclusive economic growth, infrastructure, urban and rural development, employment creation, decent work, gender equality and empowerment of women and girls, resilience and disaster risk reduction, climate change mitigation and adaption, addressing the socioeconomic effects of all forms of violence, non-discrimination, rule of law and good governance, access to justice and protection of

demografiske faktorar.<sup>37</sup> Merkeleg. Men, i FN-kommisjonane, om dette temaet, er det ein tradisjon for å unngå denne problemstillinga, heilt frå FNs befolkningsrapport ved Thoraya Ahmed Obaid, i 1994,<sup>38</sup> til Agenda 2030 for berekraftig utvikling, i 2015, og vidare til *the Global Compact for Migration*, i 2018. Så denne utelatinga er openbert ikkje tilfeldig.<sup>39</sup>

Spørsmål av dette slaget, der migrasjon sjølv framtrer som eit problem, blir ikkje reist i denne *Global Compact for Migration*. Det gjeld også for påstanden (§ 21) om at «regelstyrt migrasjon» («regular migration») på same tid kan «legge til rette for ... arbeidsmobilitet og anstendig arbeid» («facilitate[.] labor mobility and decent work»). Men er det ikkje ei spenning her, mellom mobilitet av arbeidskraft, understøtta av migrasjon, og anstendig arbeid i samsvar med «arbeidsretten» («labor law»)?<sup>40</sup> Dette er eit

---

human rights, as well as creating and maintaining peaceful and inclusive societies with effective, accountable and transparent institutions.” (Tilsvarande liste, § 39 b.) Ei lang liste, men ikkje eit ord om demografiske utfordringar.

<sup>37</sup> Til dømes i land som Niger, med ein gjennomsnittleg reproduksjon på sju barn per kvinne. Jamfør *United Nations, Population Division, World Population Prospects 2017*, med grafar for perioden 1950-2015: <https://population.un.org/wpp/Graphs/DemographicProfiles/>

<sup>38</sup> Nemnt tidlegare.

<sup>39</sup> Dette står i kontrast til annan FN-informasjon om befolkningsstatistikk og prognosar, som er tilgjengeleg internett, jf. <https://population.un.org/wpp/>

<sup>40</sup> Dette er i samsvar med ein rapport frå Ragnar Frisch Senteret for økonomisk forskning i Oslo, *Immigration and Social Mobility*, frå oktober 2018, forfatta av Knut Røed, Simen Markussen, og Maria F. Hoen, som viser til at den omfattande innvandringa fram til 2016 har hatt ein negativ innverknad på tilgangen til arbeid og på arbeidsvilkåra for arbeidsklassefolk i innvandringsland. Sitat (frå *Abstract*): “Given the large inflow of immigrants from low-income countries to Norway since the early 1990s, this can explain a considerable part of the relative decline in economic performance among natives with lower class background, and also rationalize the apparent polarization of sentiments toward immigration.”

klasse spørsmål, i marxistisk forstand:<sup>41</sup> når mange arbeidsfolk er ute etter den same jobben, då tenderer løner og arbeidsforhold til å forringast. For desse arbeidarane frå underklassene er ikkje innvandring ei “kjelde til velstand” (“a source of prosperity”, § 8); tvert om, det kan føre til lågare løner og arbeidsløyse. Dessutan, på grunn av nye teknologiar kan mange tradisjonelle, ufaglærte jobbar stå i fare for å forsvinne, noko som kan forsterke dei konstallasjonane som fører til sosio-økonomisk polarisering og politisk instabilitet.<sup>42</sup> Kort sagt, der er fleire spenningar, medrekna dei som er knytte til migrasjon, enn det som blir omtala i *the Global Compact for Migration*.

### *(iii) Mangel på viktige begrep?*

Som nemnt under punkt *(ii)*, er det ein overraskande mangel på relevante begrep, for denne konteksten, slik som *demografi* (ikkje berekraftig befolkningsvekts) og *klasse* (eit sosio-økonomisk klasseperspektiv). Det same gjeld for *kapitalisme* og for *moderne teknologi*: saman endrar dei arbeidsmarknaden radikalt. Desse begrepa er avgjerande for at vi skal kunne gje ei realistisk beskriving av moderne migrasjon og dei utfordringane som følgjer med; men i denne teksten er dei fråverande. Dessutan, det er mangel på begrep om *militære trugsmål* (på grunn av geopolitiske spenningar og kald-krig-konstallasjonar, og på grunn av avansert

---

<sup>41</sup> For å sitere økonomen Ebba Boye, leiar av *Rethinking Economics* (Norway), i *Klassekampen*, 27 februar 2019, s. 3: “... venstresiden må være ærlig med folk om hvilke utfordringer innvandring kan føre med seg.”

<sup>42</sup> Som i fleire europeiske statar.

teknologi og middel for masseutrydding). Det same gjeld for mangfaldet av *ulike begrep* (og realitetar) bak ordet “*stat*” (“*State*”): (a) nokre såkalla statar kan knapt oppfattast som statar i det heile,<sup>43</sup> (b) andre er militær-baserte autoritære regime,<sup>44</sup> og (c) relativt få har ukorrupt, meritokratisk og lojal statsforvaltning, saman med rettsstatleg lovstyre og opplyst offentleg kontroll og maktbalanse.<sup>45</sup> Dette er eit kritisk punkt for denne *Global Compact for Migration*, ettersom “statar” (“States”) blir antatt å skulle vere *subjekta* (dei som skal gjere noko) så vel som *objekta* (dei det skal gjerast noko med). Til slutt, det er ein mangel på begrep om *modernitet* og *modernisering* (i Weber-Habermas tradisjonen) som kan belyse samspelet mellom differensieringa av institusjonar og av “verdisfærar”, medrekna kunnskapsmessige differensieringar av ulike vitskaplege disiplinar. Følgjeleg er denne teksten *begrepsblind* med tanke på skilnaden mellom førmoderne og moderne samfunn og identitetar, ein skilnad som er av vital betydning for *integrering* av migrantar frå førmoderne samfunn inn i institusjonelt og kulturelt moderne samfunn (sjå punkt (iv) nedanfor). Kort sagt, *begrepsfattigdom* er ei fatal form for

---

<sup>43</sup> *Frå* eit paradeeksempel, slik som Sør-Sudam, *til* Somalia og Niger, og gjeng-styrte land slik som Honduras, El Salvador og Guatemala, og *til* vaklevorne statar slik som Libya og D.R Congo. For mangfaldet av “statar”, jamfør Øyvind Østerud, *Det globale statssystemet*, Dreyer, Oslo 2018.

<sup>44</sup> Slik som før og etter “den arabiske våren”, men også andre stader, som i Pakistan og Iran.

<sup>45</sup> Som framheva av Francis Fukuyama i verket, *Political Order and Political Decay* (2014), med mottoet: “getting to Denmark!” – å komme seg til Danmark, ikkje til the United States of North America.

fattigdom, fordi begrepsfattigdom begrensar omfanget av det som blir oppfatta som fornuftige handlingar.

(iv) *Ei erkjenning av grunnleggande kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn?*

Moderne vitskapsbaserte samfunn fordrar ei erkjenning av kunnskapsrelaterte utfordringar med tanke på *usikkerheit* (også for eins eigne utsegner), med tanke på *makt* (også for eins eigne påstandar og oppfatningar), og med tanke på *perspektivitet* (også for eins eige perspektiv og for begrensningane som det ber i seg).<sup>46</sup>

I denne *Global Compact for Migration* er det knapt nokon indikasjon på denne typen sjølvkritisk erkjenning.<sup>47</sup>

(v) *Fokus på den gjensidige samanveving av ulike utfordringar i ei moderne verd i krise?*

I denne teksten er det fokus på migrasjon som ein “multidimensjonal realitet» (“multidimensional reality”, § 15). Godt så. Men dette fokuset er begrepsmessig avgrensa, jamfør punkt (iii) ovanfor. Dét er ein avgjerande veikskap. Dessutan, denne multidimensjonaliteten blir ikkje framstilt som ei kunnskapsrelatert utfordring, men blir umiddelbart framstilt som ei institusjonell og politisk sak, “som ikkje kan taklast av ein styringspolitisk sektor aleine, men som krev ei ‘heile-

---

<sup>46</sup> Meir om dette i *Epistemic Challenges in a Modern World*.

<sup>47</sup> Visseleg, dette er ein politisk tekst, ikkje ein vitskapeleg. Ikkje desto mindre, det finst talrike kunnskapsrelaterte perspektiv og føresetnader med relevans for det som skjer i verda og med tanke på det som kunne bli gjort. Derfor er det uheldig at desse kunnskapsrelaterte erkjenningane er fråverande i denne politiske teksten.

styringsapparat' og ei 'heile-samfunnet-tilnærming'» (“that cannot be addressed by one government policy sector alone, but requires a “whole-of-government” and a “whole-of-society-approach”»), § 15). Jamfør det vi tidlegare har sagt om moderne kriser som ein *to-nivå-konstellasjon*: både i verda der ute og med tanke på vår kunnskapsmessige tilnærming (i tillegg til det institusjonelle og styringsmessige nivå).

*(vi) Fokus på samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet?*

For innbyggjarane i samfunn med svake offentlege institusjonar (t.d. Somalia) er det rimeleg og fornuftig å ha ein livsstil og ein kulturell identitet som passar i denne typen samfunn, med svake offentlege institusjonar. Men for innbyggjarar i eit moderne velfungerande demokrati (som i Skandinavia), med lovstyre (*rettsstat*) og ein allmenn og raus velferdsstat, og med omfattande sjølv-organisering og ein høg grad av gjensidig tillit (tillit til institusjonar og tillit til andre personar),<sup>48</sup> i ein slik stat er det rimeleg og fornuftig å ha ein annan livsstil og kulturell identitet – ja, dette er langt på veg påkravd, for at desse institusjonane skal bestå. Følgjeleg, når ein person flyttar frå eit klan-samfunn til eit slikt moderne samfunn, er

---

<sup>48</sup> Med eit skikkeleg undervisningssystem for alle og med allmenn folkeopplysning. Som kontrast: i visse land er det mangel på opplysning og kulturell modernisering; t.d. er det dødsstraff for ‘blasfemi’ i statar som Afghanistan, Iran, Nigeria, Pakistan, Saudi Arabia, og Somalia. “In August [2018], Pakistan’s new prime minister Imran Khan pledged to revive a campaign to impose global blasphemy laws at the UN. A previous attempt, spearheaded by the Organisation of Islamic Cooperation, ended in failure in 2011.” <https://www.theweek.co.uk/84420/blasphemy-laws-around-the-world>

det behov for å endre livsstil og kulturell identitet. I slike tilfelle er institusjonar og kultur *samanbundne*: Moderne institusjonar krev kulturell modernisering.<sup>49</sup> I så måte finst det “institusjonskonstitutive” plikter, i tillegg til moralske plikter og rettslege plikter. Dessutan, i moderne vitskapsbaserte samfunn (og i moderne demokrati) er det ein føresetnad at fornuftige og ansvarlege personar er opne for mot-argument og for opplyst og fri diskusjon, og at dei dermed *ikkje* er “*argumentofobe*”. Dessutan må dei vere klar over at det i moderne samfunn finst eit mangfald av kunnskapsmessige perspektiv og føresetnader, og at ein ikkje kan forhalde seg berre til instrumentell rasjonalitet og naturvitskap, saman med førmoderne overtydingar og holdningar;<sup>50</sup> kort sagt, ein må unngå å vere “*halvmoderne*”. Desse poenga om institusjonell og kulturell modernisering ser ut til å ha gått hus forbi hos dei som er ansvarlege for denne FN-teksten om migrasjon (jf. § 32).<sup>51</sup>

*(vii) Realistisk og truverdig?*

---

<sup>49</sup> Jamfør desse tre grunntrekka ved «modernisering av medvitet» (refererte til tidlegare): (a) å erkjenne at det finst ulike personlege og kulturelle perspektiv og føresetnader, (b) å akseptere sjølvkritiske versjonar av ulike vitskaplege prestasjonar, ikkje berre i naturvitskapane, men også i samfunnsvitskapane og humaniora, medrekna opplyst religionskritikk, og (c) aksept av ei differensiering mellom profesjonelle og private roller, og mellom religion og rettsvesen.

<sup>50</sup> Anten det gjeld betydelege grupperingar i Midtvesten, med Star Wars og ordrett lesing av heilage skrifter, eller i Midtausten, med moderne våpen og førmoderne overtydingar (t.d. om eit behageleg etterliv i Paradis, for dei som på vellykka vis har slått til mot dei vantru).

<sup>51</sup> Jf. Gunnar Skirbekk, “Religion i moderne samfunn: Multikulturalisme, ei utfordring for velferdsstaten?“, i *Krise og medansvar*, Oslo 2016: 67-88. Jf. også Gilles Kepel, *Banlieue de la République*, Gallimard, Paris 2012.

Denne teksten, trass i gode intensjonar og mange nyttige forslag (t.d., i § 17, 20, 25, 26), er kunnskapsmessig svak og svak med omsyn til kompleksiteten i sentrale utfordringar i moderne samfunn. I den monn dette stemmer, er denne teksten ikkje ein del av løysinga, men snarare ein del av problemet. Dermed er det ei lekse å lære for dei personane og organisasjonane som er involverte i slike FN-prosjekt: dei burde gjere ein betre jobb med tanke på dei kunnskapsrelaterte utfordringane, og også med tanke på diskusjonane om modernisering, med fokus både på allmenne trekk og regionale særtrekk.<sup>52</sup>

---

<sup>52</sup> Jf. Gunnar Skirbekk, “Frå undersått til statsborgar”, i *Krise og medansvar*, Oslo 2016: 123-136; også “Processes of Modernization: Scandinavian Experiences”, *Transcultural Studies* 14/2018.



# *The Global Risks Report 2019*

14<sup>th</sup> Edition, published on 15 January 2019.

## **World Economic Forum**

Committed to Improving the State of the World

In partnership with Marsh & McLennan Companies and Zurich Insurance Group<sup>53</sup>

---

<sup>53</sup> *Academic advisers:* National University of Singapore; Oxford Martin School, University of Oxford; Wharton Risk Management and Decision Processes Center, University of Pennsylvania.

<b><i>Contents</i></b>			
<i>Preface</i>	5	8	
<i>Executive Summary</i>	<i>Fight or Flight</i> Preparing for Sea-Level Rise	<i>Risk Reassessment</i> Weighing Risks by John D. Graham	
1 <i>Global Risks 2019</i> Out of Control	6 <i>Future Shocks</i> Weather Wars Open Secrets	Managing in the Age of Meltdowns by András Tilcsik and Chris Clearfield	
2 <i>Power and Values</i> Evolving Risks in a Multiconceptual World	City Limits Against the Grain Digital Panopticon Tapped Out Contested Space	<i>Appendices</i>  <i>Acknowledgements</i> Appendix A: Descriptions of Global Risks and Trends 2019	
3 <i>Heads and Hearts</i> The Human Side of Global Risks	Emotional Disruption No Rights Left Monetary Populism	Appendix B: Global Risks Perception Survey and Methodology	
4 <i>Going Viral</i> The Transformation of Biological Risks	7 <i>Hindsight</i> Security of Food Systems The Space for Civil Society Investment in Infrastructure		

Denne *Global Risks Report* blir ikkje presentert som ein akademisk tekst.<sup>54</sup> Det er ein politisk tekst, men ikkje i den forstand at teksten er skriven av eller for ein klart definert politisk organisasjon eller agent. Men, teksten har ein politisk agenda: det å forbetre verdas tilstand (“Committed to Improving the State of the World”).

*World Economic Forum* har publisert ei rekke med årlege rapportar, i samband med dei høgt profilerte møta i Davos, der VIPar frå heile verda stiller – statsleiarar, økonomiske leiarar, og sentrale personar i media (mange kjem i private jetfly). Det er uklart for meg i kor stor grad desse folka verkeleg veit om eller bryr seg om desse rapportane, som tar opp påtrengande utfordringar og risikofaktorar i vår eiga samtid. Ikkje desto mindre, dei same statsleiarane som viser seg på møta i Davos, er også dei som i siste omgang står bak deklarasjonane og vedtaka i FN; og dei same media kommenterer begge hendingane. Derfor kan det vere verdt å lese denne teksten slik han står, og sjå etter skilnader og likskap med dei to FN-tekstane som vi har kommentert ovanfor.

Denne teksten har to delar: kapittel 1, eit oversyn, “Global Risks Perception Survey”,<sup>55</sup> og hovudteksten, kapitla 2-8.<sup>56</sup> Første del, oversynet (*Survey*), opererer med fem overlappande område for

---

<sup>54</sup> “The information in this report, or on which this report is based, has been obtained from sources that the authors believe to be reliable and accurate. However, it has not been independently verified and no representation or warranty, express or implied, is made as to the accuracy or completeness of any information obtained from third parties.”

<sup>55</sup> “Global Risks 2019. Out of Control”, s. 8-19.

<sup>56</sup> S. 20-103.

global risiko: økonomisk, miljømessig, geopolitisk, sosialt, og teknologisk – kvar av dei med referanse til ei rekke spesifikke risikofaktorar og ein kort omtale av kvar risiko.<sup>57</sup> Dei som er utvalde for å svare, er spurde om kva dei ser som sannsynleg og som verknad for dei ulike risikofaktorane og trendane. Til slutt er det ein omtale om den metoden som er brukt.<sup>58</sup>

## *Mine kommentarar*

Tittelen på det første kapittelet er “Global Risks”, med undertittel “Ute av kontroll» («Out of Control”). Det begynner med spørsmålet: Går verda søvngjengaraktig inn i ei krise? (“Is the world sleepwalking into a crisis?”).<sup>59</sup> Svaret som blir gitt i dette oversynet, er definitivt bekreftande. Dessutan, slik eg ser det, er det særleg to poeng i dette oversynet som bør framhevast: (a) Over fleire år, frå 2009 til 2019, skjer det, i desse årvisse rapportane, eit *avgjerande skifte* i synet på global risiko, hos dei som har svara (hos respondentane), bort frå økonomiske og finansielle bekymringar<sup>60</sup> og over mot bekymringar om miljøet og om det militære.<sup>61</sup> (b) Dei

---

<sup>57</sup> Appendix A, “Descriptions of Global Risks and Trends 2019”.

<sup>58</sup> Appendix B, mellom anna med eit oversyn over kjønn, ekspertise, organisasjon, alder, og region for dei utvalde respondentane (gruppa varierer frå 916 til 635 personar).

<sup>59</sup> Sitat s. 15: “Of all risks, it is in relation to the environment that the world is most clearly sleepwalking into catastrophe”.

<sup>60</sup> I form av sannsynlegheit så vel som verknad.

<sup>61</sup> For dei siste tre åra er den fremste bekymringa for negative *verknader* (*impact*) “masseødeleggingsvåpen» («weapons of mass destruction”), og for *sannsynlegheit* (*likelihood*) blir det vist til “ekstremvêr» («extreme weather events”). Det høgaste skår for sannsynlegheit og verknad i *kombinasjon* er «ekstremvêr» (“extreme weather events”) og «sviktande tilpassing til klimaendringar» (“failure of climate-change mitigation and

ulike globale risikofaktorane blir i stor grad sett på som *samanbundne og interagerande*, ikkje som enkeltstående.<sup>62</sup>

Hovudteksten er kompleks.<sup>63</sup> Eg avgrensar meg til visse stikkord og korte referansar til det eg ser som sentrale poeng i denne rapporten:

- *Miljømessige risikofaktorar bør ikkje bli sett på som “eksternalitar”* (s. 16); økonomi og miljømessige risikofaktorar er *fletta i kvarandre*.
- Miljømessige risikofaktorar er av *mange slag*; dei inkluderer tap av biodiversitet, matsikring, utryggheit, redusert pollinering, mangel på vatn (s. 15), stigande havnivå (s. 56 f.), og meir.
- *Global trendar, frå klimaendring til demografiske projeksjonar*, fører til ytterlegare kriser<sup>64</sup> og utløysar inter-regional *migrasjon* i fleire tiår framover.<sup>65</sup>

---

adaption”). «Masseøydeleggingsvåpen» (“weapons of mass destruction”) har det høgaste skår på verknad (*impact*), men lågast på sannsynlegheit (*likelihood*), medan «konflikt mellom statar» (“Interstate conflict”) har høgast skår for både verknad (*impact*) og sannsynlegheit (*likelihood*). Legg merke til ein viktig kontrast: i dei to FN-tekstane er det knapt nokon referanse til masseøydeleggingsvåpen eller militære konflikter.

<sup>62</sup> Jamfør figur II og III, også side 102 og følgjande sider. Igjen, legg merke til kontrasten: I FN-tekstane er det openberre spenningar, som ikkje blir nemnde, mellom enkelte av berekraftsmåla, for eksempel mellom økonomisk vekst og eit berekraftig naturmiljø.

<sup>63</sup> Med 305 fotnotar.

<sup>64</sup> Sitat (s. 14): “Global trends – from demographic projections to climate change – practically guarantee further crises, ..”.

<sup>65</sup> Sitat (s. 23): “Demographic trends – such as those illustrated in Figure 2.1, which projects changes in the relative populations in Africa and Europe – will drive inter-regional migration in the decades ahead.” Figur 2.1: “Wave of Change. Relative shares of combined Europe/Africa population”, Source: UN World Population Prospects 2017, <https://population.un.org/wpp/> (Ifl. denne grafen var det talmessige forholdet mellom den europeiske og afrikanske befolkninga på rundt 70 til 30 i 1950; i 2017 er det på rundt 40 til 60; og for 2090 er det estimert til å bli rundt 15 til 85.)

- *Nye teknologiar* kan innebere ein alvorleg risiko: ekkokammer, og “fake news” i media (s. 17, 75), misbruk av private data (s. 7), manipulasjon av menneskelege emosjonar (s. 17, 73), misbruk av kunstig intelligens (s. 17), nye patogene utfordringar (s. 17), og masseøydeleggingsvåpen (s. 13).<sup>66</sup>
- Vi har *geopolitisk instabilitet* (s. 12/13) på grunn av svekking av multilaterale institusjonar (s. 24) og svekking av tillit på kryss av grenser (s. 25).
- Der er *sinne og angst* blant taparane i globaliseringsprosessen (s. 13) på grunn av aukande *ulikskap og polarisering*<sup>67</sup> (s. 11, 13), spesielt i arbeidarklassa (“middle class”, s. 99), og dette fører til svekka tillit (“*eroding trust*”) og minkande sosialt samhald (“*diminishing social cohesion*”, s. 11, 13).
- *Institusjonar* taklar ikkje lenger dei utfordringane som verda står framfor (“no longer match the challenges facing the world”, s. 33); det er ein vond sirkel (“a vicious circle”) mellom svake institusjonar og minkande sosialt samhald («between weak institutions and diminishing social cohesion», s. 13).<sup>68</sup>

---

<sup>66</sup> For *Big Data* og algoritmar brukt til automatisk å oppspore og “nøytralisere” potensielle fiendar, jf. the *Human Socio-Cultural Behavior Modeling Program* (HSCB). For referensar, jamfør f.eks., <https://ndiastorage.blob.core.usgovcloudapi.net/ndia/2007/disrupt/Biggerstaff.pdf> - også *Crisis Early Warning System* (ICEWS), og <https://www.lockheedmartin.com/en-us/products.html>

<sup>67</sup> Jamfør Figur 1.1, side 11.

<sup>68</sup> Med andre ord, det er eit samspel mellom institusjonar og verdier, jamfør diskusjonane om modernisering hos Weber og Habermas.

- *Statar* blir oppfatta som tvitydige: *for svake*<sup>69</sup> i éin forstand (ei kjensle av å miste kontroll, “lost control”, s. 22), men i ein annan forstand som *for sterke*<sup>70</sup> (gjer det vanskelegare å støtte multilateratisme, “sustain multilateralism”, s. 23).<sup>71</sup>
- “*Å tenkje nytt om global kapitalisme*” (“*to rethink global capitalism*”)<sup>72</sup> blir sett på som ei viktig utfordring (“the new challenge”, s. 11).<sup>73</sup>
- “*Å oppmuntre skeptisisme*” (“*encourage skepticism*”) er uttrykkeleg eit kunnskapsrelatert råd, i siste kapittel.<sup>74</sup>

Her er nokre merknader til denne teksten, ut frå dei same sju spørsmåla som eg brukte som utgangspunkt for kommentarane min til *2030 Agenda for berekraftig utvikling* og til *Global Compact for Safe, Orderly and Regular Migration*.

---

<sup>69</sup> S. 22, “Many political leaders and communities feel they have lost control ..., and, in response, they look to strengthen the State”.

<sup>70</sup> S. 24, “Political leaders have increasingly asserted the primacy of nation-state in international systems and sought to weaken the constraints placed on national autonomy by international agreements and multilateral institutions.” S. 23, “Strong-state politics makes it harder to sustain multilateralism.” (Om kontroversen mellom USA og Kina, s. 25-29.)

<sup>71</sup> I denne rapporten er det knapt nokon diskusjon om, eller noka avklaring av, ordet “stat”. Som kontrast, jamfør f.eks. den tredelte distinksjonen hos Francis Fukuyama, *Political Order and Political Decay* (Farrar, Straus and Giroux, N.Y. 2014), mellom statleg forvaltning, rettsvesen, og demokratisk «checks and balances». Dessutan, det er ingen profesjonell diskusjon av institusjonelle og kunnskapsrelaterte utfordringar for demokratiet i moderne samfunn, og heller inga samanliknande drøfting av ulike former for (og begrep om) «stat» i ei moderne verd, slik som t.d. hos Øyvind Østerud, *Det globale statssystemet* (Dreyer, Oslo 2018).

<sup>72</sup> Med referanse til Adam Smith som moralfilosof (s. 11).

<sup>73</sup> Angiveleg for presentasjon på det årlege møtet 2019 i Davos (s.11).

<sup>74</sup> Kapittel 8, *Risk Reassessment*, ein tekst skriven av András Tilcsik og Chris Clearfield, side 91-93.

*(i) Tilstrekkeleg klar begrepsbruk?*

Med tanke på klar begrepsbruk er denne teksten i orden, for denne typen tekst å vere. Men det er eit visst problem, i så måte, på grunn av det litt abstrakte nivået: i denne teksten går ein stort sett ikkje inn på kompleksiteten ved dei ulike konkrete utfordringane, der ein større grad av begrepsmessig avklaring er påkravd (slik som for termen “stat”, referert til ovanfor).

*(ii) Spenningar?*

I samsvar med det vi just sa: det er ei viss spenning mellom det nokså abstrakte nivået i teksten og det konkrete mangfaldet i dei ulike praktiske utfordringane. Til dømes er det i denne teksten ei viss spenning mellom omtalen av frihandel og *økonomisk vekst* på den eine sida, og *naturgitte grenser* på den andre, og mellom behov *i samtida* og behovet til *framtidige* generasjonar.

*(iii) Mangel på viktige begrep?*

Trass i variasjonen og mangfaldet av sentrale begrep manglar denne teksten den type begrepsmessig differensiering som trengst for ein meir avansert omtale av *moderne statar* og *moderne demokrati*. Dessutan er det ein generell mangel på *kunnskapsrelaterte* begrep, og ein mangel på begrep om modernisering, både for differensieringa av *moderne institusjonar* og for *kulturell modernisering* og “modernisering av medvitet”.<sup>75</sup>

---

<sup>75</sup> Jf Jürgen Habermas, *Zwischen Naturalismus und Religion*, Suhrkamp, Frankfurt am Main 2005, s. 146.

*(iv) Ei erkjenning av grunnleggande kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitenskapsbaserte samfunn?*

Som nemnt, det er ein viss mangel på kunnskapsrelaterte begrep, og dermed teksten blind for kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitenskapsbaserte samfunn. Dette gjeld særleg for mangfaldet av vitenskaplege perspektiv og rasjonalitetsformer, medrekna ulike former for ekspertise, slik som forholdet mellom økonomifaga og andre samfunnsvitskapar, og mellom samfunnsvitskapar og ulike naturvitskapar.

*(v) Fokus på den gjensidige samanveving av ulike utfordringar i ei moderne verd i krise?*

Forfattarane til denne teksten er vel medvitne om dei komplekse samanhengane ved dei ulike risikofaktorane i den moderne verda, slik det framgår allereie ved illustrasjonane i det første oversynskapittelet (*Global Risks Perception Survey*).

*(vi) Fokus på samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet?*

Teksten vitnar om ei erkjenning av samanhengen mellom politiske institusjonar og sosiale dygder (slik som tillit og samhald). Men det er ikkje fokus på det spesielle samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet («modernisering av medvitet», som Habermas seier). Dermed er det heller ikkje fokus på “halvmoderne” aktørar med moderne våpen og kommunikasjonsutstyr kombinert med førmoderne overtydingar og



handlingar. Heller ikkje er det fokus på “argumentofobe” agentar og regime.

*(vii) Realistisk og truverdig?*

Trass i manglane som vi refererte til ovanfor, viser denne teksten vilje og evne til å ta opp komplekse og påtrengande problem. Samanlikna med dei to FN-tekstane, som vi har kommentert tidlegare, gir denne teksten, frå *the World Economic Forum*, eit fordelaktig inntrykk, som meir realistisk og truverdig.



## ***Klimarisiko og norsk økonomi - NOU 17/2018***

Dette er ein NOU overlevert til Finansdepartementet 12. desember 2018. Den norske originalteksten er på 257 sider. Det finst ein sterkt forkorta versjon på engelsk, på 57 sider; også den er tilgjengeleg på nettet. Eg held meg til den norske teksten.

### ***Innhald***

Del I, Introduksjon, s. 7-27

1. Innledning
2. Sammendrag

Del II, Analyse av klimarisiko, s. 29-88

3. Klimautfordringen
4. Risiko, risikoanalyser og risikostyring
5. Klimarisikofaktorer og norsk økonomi

Del III, Håndtering av klimarisiko, s. 89-144

6. Fra risikoanalyse til risikohåndtering
7. Klimarisikohåndtering i privat sektor
8. Klimarisikohåndtering i offentlig sektor

Vedlegg,<sup>76</sup> s. 145-243

---

<sup>76</sup> Sju profesjonelle bidrag, med 132 fotnotar og omfattande referansar, t.d. ved professorane Klaus Mohn og Terje Aven ved Universitetet i Stavanger. I tillegg, brev frå Utanriksdepartementet om rettslege spørsmål, s. 243-253.

Dette er ein profesjonell tekst skriven av ein kommisjon på sju ekspertar.<sup>77</sup> I denne teksten blir skiljet mellom to faglege angrepsmåtar understreka: *økonomifag* versus *risikoforsking*.<sup>78</sup> Rapporten tar utgangspunkt i *klimaforsking* presentert i FN's rapportar om klimaendring<sup>79</sup> (IPCC AR5, og særleg IPCC 1.5C) og tilsvarande rapportar.<sup>80</sup>

Denne rapporten viser til *begrensningar* ved ei reint *økonomisk* tilnærming til klimautfordringane og peikar på visse grunnleggande *etiske problem*, slik som fordeling av bøkene ved klimaendringane mellom land og over generasjonar (og er dermed kritisk av diskontering<sup>81</sup>), medrekna faren for at noverande generasjonar forårsakar irreversible endringar som kan gjere at delar av Jorda ikkje blir til å leve på, for seinare generasjonar.<sup>82</sup> Sameleis viser rapporten til klimautfordringane som eksempel på

---

<sup>77</sup> I økonomifaget (3 personar), risikoforsking (2 peronar), klima og økosystem (1 person), og rettsvitenskap (1 person); pluss eit sekretariat på 9 personar (2 av dei er med i “Rethinking Economics - Norge”).

<sup>78</sup> Jamfør side 9, med eit klart skilje mellom “økonomifaget” og “risikofaget”.

<sup>79</sup> IPCC: United Nations Intergovernmental Panel on Climate Change (United Nations Climate Panel): IPCC AR5, 5<sup>th</sup> Assessment Report, avslutta i 2014; levert på ulike tidspunkt; The Synthesis Report, 2. november 2014. United Nations Climate Change Conference i Paris seint på året 2015 (få 25. november til 12. desember 2015). IPCC 1.5C, Special Report on Global Warming of 1.5C (SR15), frå 8. oktober 2018. (IPCC 6<sup>th</sup> Report, planlagt for 2022.)

<sup>80</sup> Også norske og internasjonale rapportar, jamfør side 11 og 31; og ytterlegare kjelder i fotnotar og referansar.

<sup>81</sup> Jf. s.163.

<sup>82</sup> Jf. s. 9-10. «Slike etiske perspektiver er viktige, og har sin plass i samfunnsdebatten og politikktutforming. Dette er problemstillinger som ikke kan løses med et rent økonomifaglig eller risikofaglig perspektiv, og de er derfor ikke omfattet av utvalgets drøftinger og anbefalinger. Vi peker imidlertid på at bedre forståelse av hvordan klimarisiko kan spille seg ut og påvirke økonomiske sammenhenger vil kunne være av stor betydning i den nasjonale og internasjonale diskusjonen om håndtering av klimautfordringen.»

“marknadssvikt”, mellom anna ved “*allmenningas tragedie*” (*the tragedy of the commons*),<sup>83</sup> men også ved problem når økonomifaget blir nytta for å ta hand om problem i *langsiktige perspektiv*: “*tragedien ved [tids-] horisonten*» (*the tragedy of the [time] horizon*).<sup>84</sup>

Når det gjeld risikoforsking, så skil denne rapporten klart mellom *kvantifiserbar risiko* på den eine sida og *usikkerheit der det ikkje gir meining å operere med tal* på den andre.<sup>85</sup> Med tanke på det sistnemnde, blir det referert til pågåande faglege diskusjonar om forskjellige begrep om *usikkerheit* (medrekna kunnskapsrelatert usikkerheit<sup>86</sup>) og *sannsynlegheit*.<sup>87</sup> Kvantifiserbar risiko korrelerer

---

<sup>83</sup> Jf. s. 21. Interessant nok, denne NOUen rommar ein profesjonell kritikk av William D. Nordhaus’ “integrated assessment model” (økonomen som i 2018 fekk den Svenske Riksbankens ærespris til minne om Alfred Nobel), ein kritikk av kunnskapsrelaterte manglar i hans “Dynamic Integrated Climate Economy Model”, for eksempel at denne modellen ikkje omfattar sosiale strukturar og institusjonar, jf. Boks 5.2, s. 66, t.d.: “En slik integrert modell vil gi en svært forenklet fremstilling av verden”. Også, ved referanse til vedlegg 2: “Klimarisiko i samfunnsøkonomiske analyser og integrerte evalueringmodeller”, der Nordhaus blir kritisert, mellom anna med referanse til *diskontering* i tilfelle av mogleg dramatisk miljøskade i ei litt fjern framtid (s.163, § 3). Dessutan, på s. 71, Boks 5.4, blir Finansdepartementet kritisert for bruken av begrepet *nasjonalformue* relatert til diskonteringsrate for naturlege ressursar. Desse tilfella av intern fagkritikk er verdifulle bidrag til ein viktig «vitskapsteoretisk» praksis (slik dette blir definert ved Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen, jf. nettsidene).

<sup>84</sup> Med referanse til Mark Carney, Governor of the Bank of England 2013-2020: “Breaking the tragedy of the horizon – climate change and financial stability”, ein tale frå 29. september 2015 (s. 95, Boks 6.2). Sitat frå rapporten: “Vi mangler simpelthen institusjoner egnet til å håndtere utfordringer med et tidsperspektiv på et århundre eller mer.”

<sup>85</sup> For eksempel, s. 35, “Det er umulig å fullt ut tallfeste de økonomiske konsekvensene av global oppvarming”.

<sup>86</sup> Slik som hos Nassim Taleb (*The Black Swan: the Impact of the Highly Improbable*, 2007), jf. s. 59, 61 (Boks 4.4). Jf. vedlegg 1, “Om risiko og usikkerhet”, s. 145-160, av professor Terje Aven.

<sup>87</sup> Jf. s. 32 ff. Jf. Boks 3.2; “Begrepsbruk om usikkerhet og sannsynligheter”, og s. 57-58, t.d. om “epistemisk usikkerhet”. S. 34 (3.2.1): “Det er vanskelig å overskue alle potensielle virkninger av klimaendringene. Verden er et svært komplekst system. Det finnes ingen modell som fullt ut beskriver hvordan hele den fysiske verden virker og hvordan alle fysiske, kjemiske, geologiske og biologiske prosesser påvirker hverandre (ofte kalt

med prognose; usikkerheit korrelerer med moglege *scenario*.<sup>88</sup> Rapporten opererer med tre slike scenario:<sup>89</sup> A, Vellykka klimapolitikk.<sup>90</sup> B, Sein omstilling.<sup>91</sup> C, Dramatiske klimaendringar.<sup>92</sup> – Kort sagt, “Mye usikkerhet i mange ledd gir betydelig klimarisiko.»<sup>93</sup> Derfor, “Katastrofale klimaendringer kan ikke utelukkes”.<sup>94</sup>

Denne rapporten opererer ikkje berre med *økonomiske* og *risikofaglege* begrep i tillegg til *miljømessige* og *klimarelatere* begrep; rapporten opererer også med begrep for *sosiopolitiske institusjonar* og *sosial kapital*<sup>95</sup> og dermed også for problem ved svake institusjonar, og ei svekking av institusjonar, innanfor statar og mellom statar, og dermed for problem ved *konfliktar* og politisk

---

jordsystemet). Det er også umulig å modellere med sikkerhet hvordan mennesker og samfunn vil handle i møte med raske og store endringer i for eksempel vann og mattilførsel.»

<sup>88</sup> T.d., s. 16-17.

<sup>89</sup> S. 51-52 (§ 3.6).

<sup>90</sup> S. 17: “Dette scenarioet har en vellykket klimapolitikk som gir en rask omstilling mot lavutslippssamfunnet. Ingen vesentlige selvforsterkende mekanismer i klimasystemet utløses, slik at klimaendringene er moderate og de økonomiske konsekvensene på verdensbasis relativt små. Overgangen til et lavutslippssamfunn kan imidlertid by på utfordringer for ulike aktører.”

<sup>91</sup> S. 17: “I scenario B finner det sted en sen innstramming av klimapolitikken – etter en periode med ytterligere oppvarming. Samtidig er vi “heldige” – og ingen selvforsterkende mekanismer i klimasystemet utløses. Klimaendringene og de økonomiske konsekvensene blir vesentlig større enn i scenarios A. Risikoen øker for at norsk økonomi rammes indirekte gjennom klimaendringer i andre land som følge av økt konfliktnivå, svekkelse av internasjonalt samarbeid og endringer i globale migrasjonsmønstre. I tillegg vil senere og kraftigere innstramming i virkemiddelbruken øke risikoen for finansiell ustabilitet.”

<sup>92</sup> S. 17: “Dette er et scenario med politisk svikt og/eller at selvforsterkende mekanismer i klimasystemet utløses. Det gir lite mening å tallfeste økonomiske konsekvenser av slike katastrofale klimaendringer. Råd om risikohåndtering vil i mindre grad være til nytte, og det relevante tiltaket er kun en virkningsfull klimapolitikk som reduserer sannsynligheten for å havne i scenario C.”

<sup>93</sup> S. 15.

<sup>94</sup> S. 15.

<sup>95</sup> T.d., s. 68 og 70 (mellom anna, med tilvising til verdien av tillit, s. 70).

*ustabilitet*<sup>96</sup> og ved *auka klimarelatert migrasjon*,<sup>97</sup> som mellom anna er påverka av *regional folkeauke og økonomisk utvikling*.<sup>98</sup> I tillegg dette er det diskusjonar om *teknologiar* for fjerning og lagring av karbondioksyd.<sup>99</sup> Med andre ord, denne rapporten opererer med eit rikt repertoar av begrep.

Dessutan drøftar denne rapporten forskjellige begrepsmessige og faglege perspektiv og føresetnader.<sup>100</sup> Visseleg, det er meir som kunne bli sagt og gjort med tanke på behovet for “modernisering av medvitet” i modern samfunn. Men dét kan ikkje forventast i ein tekst som dette, det vil seie, i ein NOU for Finansdepartementet.

## ***Mine kommentarar***

Eg skal no presentere nokre korte merknader, med utgangspunkt i dei same sju spørsmåla som eg brukte som utgangspunkt for

---

<sup>96</sup> T.d., s. 68-69.

<sup>97</sup> T.d., s. 68-69. Jf. s. 68, ftn. 11, med referanse til Kverndokk, “Climate Policies, Distributive Effects and Transfers Between Rich and Poor Countries”, *International Review of Environmental and Resource Economics*, 2018, 12: 129-176. S. 164 (4.4 Climate Migration): “.., a growing number of empirical studies link migration to climate changes at both the national and international levels (Marchiori et al., 2017; Mulligan et al., 2014). Predictions for climate change-induced migration in 2050 are obviously uncertain, and estimates range from many thousands up to several hundred million people being effected (Gemenne, 2011; Marchiori and Schumacher, 2011; Oppenheimer, 2013).”

<sup>98</sup> T.d., s. 14 og 31.

<sup>99</sup> Jf. s. 47-51 (§ 3.5), med diskusjon om teknologi for fangst og lagring av CO<sub>2</sub>; *Carbon-Dioxide Removal technologies; Carbon Catch and Storage (CCS)*.

<sup>100</sup> Dette er den type reflektert og oppdatert fagkritikk som ved norske universitet går under namnet “*vitskapsteori*”, jamfør heimesida for Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen. Jamfør den reflekterte og oppdaterte fagkritikken (i denne rapporten) av William Nordhaus, sjå s. 66 og s. 163; tilsvarande kritikk av Finansdepartementet, sjå s. 71 (Boks 5.4).

kommentarane mine om *Agenda 2030 for berekraftig utvikling*, og om *Global Compact for Safe, Orderly and Regular Migration*, og også om *Global Risks Report 2019*.

*(i) Tilstrekkeleg klar begrepsbruk?*

På dette punktet skårar denne NOUen om klimarisiko høgt.

*(ii) Spenningar?*

Det er her, så vidt eg kan sjå, ingen spenningar mellom forskjellige argument eller råd.

*(iii) Mangel på viktige begrep?*

Gitt den type tekst det her er tale om, er det ingen mangel på sentrale begrep om dei aktuelle utfordringane. Men dersom vi skulle forfølgje desse diskusjonane i andre samanhengar, kunne fleire begrep ha vori på sin plass. Det gjeld t.d. for begrep om velfungerande offentlege institusjonar, med forskjellige roller og dygder (jf. t.d. Francis Fukuyama<sup>101</sup>), så vel som for begrep for fullskala kunnskapsmessig og kulturell modernisering.<sup>102</sup>

*(vi) Ei erkjening av grunnleggande kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn?*

Ideelt sett kunne det seiast meir om utfordringar knytte til kunnskapsmessig mangfald i moderne vitskapsbaserte samfunn, og

---

<sup>101</sup> Francis Fukuyama, *Political Order and Political Decay*, Farrar, Straus and Giroux, N.Y. 2014.

<sup>102</sup> Jf. t.d. Gunnar Skirbekk, *Multiple Modernities*. The Chinese University Press, Hong Kong 2011; norsk versjon, *Norsk og moderne*. Res Publica, Oslo 2010.



om makt og vitskap. Men overfor ein tekst som denne (ein NOU), ville slike innvendingar vere feilplasserte. Dessutan, med tanke på diskusjonen om kunnskapsrelatert sikkerheit og usikkerheit er denne teksten uvanleg sterk.

*(v) Fokus på den gjensidige samanveving av ulike utfordringar i ei moderne verd i krise?*

Også her skårar denne teksten høgt, jamvel om meir kunne seiast om institusjonelle og kunnskapsmessige faktorar og måten dei gjensidig påverkar kvarandre i moderne samfunn.

*(vi) Fokus på samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet?*

Igjen, meir kunna ha blitt sagt – om det hadde vori ein annan type tekst.

*(vii) Realistisk og truverdig?*

Så vidt eg ser, er denne teksten realistisk og dermed truverdig.



## Samanlikning av dei fire tekstane

Når vi samanliknar dei fire tekstane, i lys av dei sju spørsmåla som låg til grunn for kommentarane mine, er det slåande at dei to tekstane frå FN er kunnskapsmessig svakare og mindre truverdige enn rapporten frå *World Economic Forum* og *NOU 17/2018* for Finansdepartementet.<sup>103</sup> Det gjeld, på forskjellig vis, spørsmålet om det er (i) tilstrekkeleg klar begrepsbruk, om (ii) eventuelle spenningar mellom begrep og målsetjingar, og om (iii) korvidt visse viktige begrep manglar, i den aktuelle konteksten. Det gjeld også spørsmålet om korvidt det ligg føre ei tilstrekkeleg erkjenning av (iv) kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn, og av (v) gjensidige påverknader mellom dei ulike utfordringane, og av (vi) samspelet mellom moderne institusjonar og moderne kultur og identitet.<sup>104</sup> I denne oppsummerande samanlikninga vil eg framheve fire poeng:

---

<sup>103</sup> Når vi skal samanlikne dei fire tekstane, kan det også vere nyttig å sjå på årtala: *FNs Agenda 2030 for berekraftig utvikling* stammar frå september 2015 og gjeld målsetjingar fram til 2030; *Global Compact for Safe, Orderly and Regular Migration* er frå desember 2018; *Global Risks Report 2019* vart lagt fram i januar 2019, og *NOU 17/2018, Klimarisiko og norsk økonomi*, vart innlevert i desember 2018. Kort sagt, i skrivande stund (2019/2020) er dette *aktuelle* tekstar. – Når det gjeld debatten om klima og miljømessige utfordringar, minner eg om at rapporten frå FN's klimapanel, IPCC AR5, vart avlevert i 2014; at Paris-konferansen om klima, med ei generell semje om to-gradars målet, pågjekk i desember 2015; og at IPCC 1.5C, om behovet for ikkje å gå ut over 1.5 grad, vart publisert i oktober 2018.

<sup>104</sup> Når vi samanliknar dei tre sistnemnde tekstane, publiserte om lag på same tid (to i desember 2018 og ein i januar 2019), er det påfallande at FN's *Compact for Migration* stort sett ignorerer den slags utfordringar som blir lagde fram av FN's IPCC 1.5C, samtidig som desse utfordringane blir seriøst diskutert i *Global Risks Report 2019* og i *Klimarisiko og norsk økonomi*. (Det bør tilføyast at den siste versjonen av teksten om migrasjon er datert juli 2018.)

*(a) Politisk tekst versus vitenskapleg tekst.*

Når vi vurderer og samanliknar dei fire tekstane, er det verdt å minne om at *dei to FN-tekstane* er *politiske tekstar*, ikkje vitenskaplege rapportar. Ved ei samanlikning av desse fire tekstane bør vi derfor legge til grunn at det er eit skilje mellom *politiske tekstar* og *vitenskaplege tekstar* – i dette tilfellet, mellom FN-deklarasjonar som er basert på *konsensus blant politiske representantar* frå dei ulike medlemsstatane og FN-rapportar framlagde av *vitenskaplege ekspertar*.<sup>105</sup> Men skiljet er ikkje absolutt: ein politisk tekst som er tenkt som handlingsplan, må vere kunnskapsmessig realistisk og truverdig, for å kunne duge i praksis.<sup>106</sup>

*(b) Kompleksitet i den moderne verda.*

Ut frå problemstilling og målsetjing burde alle dei fire tekstane forhalde seg til kompleksiteten i den moderne verda, der ute: Ikkje berre er klimautfordringane komplekse, men i tillegg har vi også andre naturbaserte og samfunnsmessige utfordringar, som på den eine sida ofte heng saman med klimaendringane, men som også heng saman med fleire andre forhold, slik som forureining (av ulikt

---

<sup>105</sup> Slik som IPCC AR5 og IPCC 1.5C (om klima), eller IPBES (om tap av biodiversitet).

<sup>106</sup> Og i den grad ein vitenskapleg rapport er oppdragsforskning som skal brukast som grunnlag for politiske beslutningar, er det ekstra viktig å ha open og opplyst fagkritikk.

slag<sup>107</sup>), uholdbar bruk av naturressursar,<sup>108</sup> og tap av artsmangfald, som mellom anna heng saman med generelt overforbruk og regional overbefolkning, og som igjen heng saman med inadekvate institusjonar og interessemotsetningar, som igjen kan føre til militær konflikt og bruk av masseøydeleggingsvåpen. Lista er lange. Poenget her er å minne om at klimautfordringane ikkje står aleine, men at dei inngår i komplekse samspel av forskjellige naturbaserte og samfunnsmessige faktorar.<sup>109</sup> Dette poenget er relevant for alle dei fire tekstane. Men i dei to FN-tekstane står det relativt lite om korleis ulike utfordringar går over i kvarandre og forsterkar kvarandre<sup>110</sup> – dette i motsetning til teksten frå *World Economic Forum* og *NOU 17/2018*, som begge er langt betre i så måte.

### *(c) Kunnskapsmessig kompleksitet*

For å gripe dei komplekse utfordringane i den moderne verda, duger det ikkje med éinfagleg ekspertise aleine. Det er heller ikkje nok med ulike naturvitskaplege fag, eventuelt supplert med økonomi og teknologi. For best mogleg å forstå det som foregår i ei kompleks verd og for best mogleg å kunne gjere noko med det, treng vi også relevant innsikt i institusjonelle og kulturelle og i samfunnsmessige

---

<sup>107</sup> I luft, jord og vatn, jf. t.d. forureininga av elvane i Bangladesh, India, Kina og Indonesia (mellom anna på grunn av garveri og klesindustri, i tillegg til regional overbefolkning). Dette er alvorlege miljøutfordringar, uavhengig av klimaendringane.

<sup>108</sup> Frå jord og vatn til skog og prekære mineral (jamfør t.d. *Scarcity of Minerals*, utgitt av The Hague Centre for Strategic Studies, 02/01/10).

<sup>109</sup> Djupast sett, på grunn av eit uholdbart forhold mellom menneske og natur (og menneska imellom).

<sup>110</sup> Som nemnt, i desse FN-tekstane er det knapt eit ord om demografi eller kapitalisme, eller om modernitet og teknologiske utfordringar,

og juridiske forhold. Samtidig er det slik at kvart fag og kvar ekspertise har sine særeigne føresetnader (av forskjellig slag), og dermed sine begrensingar. Derfor treng vi, i moderne vitenskapsbaserte samfunn, refleksjon og diskusjon både om egne og andres kunnskapsrelaterte føresetnader og begrensningar. Dette er det lite av i dei to FN-tekstane, og heller ikkje så mykje i teksten frå *World Economic Forum*, men i *NOU 17/2018* er det ein reflektert og oppdatert *fagkritikk* av føresetnader og begrensningar i kvantifiserande økonomiske modellar, ein fagkritikk med praktisk relevans.

(d) *Filosofi og modernitet*

Tre sett med stikkord: (1) Slik *fagkritikk* (som vi refererte til i avsnittet ovanfor<sup>111</sup>) må vere sjølvreflektert og sjølvkritisk, og i så måte *vitenskapsfilosofisk*, både med tanke på (a) føresetnader som av sjølvrefererande grunnar framstår som ufråkommelege for *all* seriøs diskusjon<sup>112</sup> og med tanke på (b) føresetnader som er grunnleggande for *bestemte* institusjonar og praksisar<sup>113</sup> og der *case-orientert* argumentasjon blir viktig.<sup>114</sup> (2) Framveksten av *moderne institusjonar og moderne kultur* heng saman med framveksten av *ulike vitenskapar og ein vitenskapsbasert kultur*, både

---

<sup>111</sup> Jf. referansen til *NOU 17/2018*, ovanfor.

<sup>112</sup> Jf den harde kjerne i transcendentalpragmatisk argumentasjon (t.d. hos Karl-Otto Apel); jf omtale i Gunnar Skirbekk, *Krise og medansvar*. Res Publica, Oslo 2016: 199-224.

<sup>113</sup> Jamfør bruken av «*reductio ad absurdum*» argument, i bestemte settingar (t.d. hos Gilbert Ryle, og i Gunnar Skirbekk, *Rasjonalitet og modernitet*. Universitetsforlaget, Oslo 2009: 35-58; om Ryle, spesielt s. 44).

<sup>114</sup> Jf Gunnar Skirbekk, *Rasjonalitet og modernitet*. Universitetsforlaget, Oslo 2009: 19-34, og *Krise og medansvar*. Res Publica, Oslo 2016: 208.

med tanke på (a) det som *varierer* frå fag til fag og (b) det som er *felles* for all forskning, gjerne som felles praksis,<sup>115</sup> og ofte med overgangar til andre former for praksisbasert læring og erfaring.<sup>116</sup> (3) Det modernitetsteoretiske perspektivet<sup>117</sup> gir på same tid (a) eit argument *mot radikal kunnskapsmessig skeptisisme* og samtidig (b) ei framheving av *kunnskapsmessig pluralisme og gradualisme*. I praksis består derfor oppgåva ofte i eit forsøk på forbetring («meliorisme»), og ikkje i ei søking etter sanninga med stor S, ikkje kunnskapsmessig perfeksjon.<sup>118</sup>

---

<sup>115</sup> Jf. t.d. Knut Erik Tranøy, «Norms of Inquiry: Methodologies as Normative Systems», i Gilbert Ryle, utg., *Contemporary Aspects of Philosophy*, Oriel, London 1976: 1-13.

<sup>116</sup> Jf. "taus» kunnskap («ferdigheitskunnskap»), t.d. hos Michael Polanyi og den seine Wittgenstein; om dette og om «prakseologi», jf. t.d. Gunnar Skirbekk, *Rasjonalitet og modernitet*. Universitetsforlaget, Oslo 2009: 19-34.

<sup>117</sup> I eit modernitetsteoretisk perspektiv er det nære forholdet mellom historisk frambrakte institusjonar og livsformer eit viktig poeng.

<sup>118</sup> Om «meliorisme», jf t.d. Gunnar Skirbekk. *Krise og medansvar*. Res Publica, Oslo 2016: 208.





## Konkluderande merknader

Desse fire tekstane er valde fordi dei er aktuelle og relevante for dei pågåande diskusjonane om komplekse kriser og kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn. Men, som vi har sett, desse tekstane byr på stor variasjon i kunnskapsmessig kvalitet.

Avslutningsvis vil eg minne om to poeng: (1) Stilt overfor komplekse utfordringar, duger ikkje einfagleg ekspertise; i slike tilfelle er det eit behov for eit rimeleg antal vitskaplege perspektiv; negativt uttrykt, vi bør ikkje oversjå eller avvise andre relevante forskingsperspektiv.<sup>119</sup> (2) I moderne og vitskapsbaserte samfunn er det ei innebygd norm om å vere open for relevante motargument; berre når vi kjenner motargumenta og tar dei på alvor, kan vi ha velgrunna tiltru til det vi til kvar tid kjem fram til som dei beste svara.<sup>120</sup>

I tilbakeblikk, med tanke på kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitskapsbaserte samfunn i krise, er det dermed eitt poeng som bør framhevast: behovet for open og opplyst fagkritikk, som er

---

<sup>119</sup> Slik dei gjer, dei som t.d. held seg til naturvitskap og teknologi, men overser samfunnsvitskap og humaniora – jamfør t.d. jihadistar i Midtausten, som er sterke på moderne teknologi i form av våpen og kommunikasjon, men avskyr den type kritisk tenking vi har i samfunnsvitskap og humaniora; og tilsvarande t.d. i Midtvesten, med bokstavstru bibellesing og Star Wars, men ofte utan opplyst religionskritikk og kulturell modernisering – kort sagt, dette er dei «halvmoderne», som utgjer ein anomali, og ein fatal konstellasjon, i moderne konfliktfylte samfunn.

<sup>120</sup> Kort sagt, dei «argumentofobe», som utgjer ein anomali i moderne vitskapsbaserte samfunn.

reflektert og sjølvkritisk, og som samtidig inngår i ein drøftande danningsspross, saman med andre personar.

Kva inneber så desse fordringane, meir konkret, i dagens samfunn? Kort sagt, på denne bakgrunn: kva bør vi gjere? Dette spørsmålet skal vi forfølge i neste avsnitt.

## Kva må gjerast?

Verda er openbert i dårleg forfatning, på fleire plan: ute i verda, institusjonelt, og kunnskapsmessige. Kva må gjerast? I denne seksjonen skal eg legge fram nokre tankar om det som moglegvis kunne gjerast for å redusere eller motverke dei kunnskapsrelaterte utfordringane som vi her har referert til.

Meir presis, eg skal sjå på moglege forbetringar på kunnskapsplanet. Men ettersom kunnskapsrelaterte utfordringar er lokaliserte i institusjonar, skal eg i første omgang sjå på moglege institusjonelle omorganiseringar.

Vi skal sjå på tre sentrale institusjonar i moderne samfunn: *universitet*, *skule* (utdanningssystemet), og *media* (den offentlege sfære) – tre institusjonar, kvar med sine særtrekk (og indre mangfald), men også med gjensidig samspel. I dette avsnittet, på søk etter kunnskapsrelaterte forbetringar, skal eg fokusere både på det som moglegvis kan gjerast innanfor kvar av desse institusjonane, og det som moglegvis kan gjerast ved omorganisering av forholdet dei imellom og ved styrking av interaksjonen mellom dei.

## Universitet

Når vi i dag talar om universitet, bør vi ta med oss at det er store skilnader, innanfor land og mellom land, med tanke på kva som blir kalla universitet.<sup>121</sup> Her skal eg referere til «full-skala» universitet med høg kvalitet og sjølvkritisk forskning, og med utdanning og forskning i «alle» vitenskaplege disiplinar, frå matematikk og naturvitenskap til samfunnsvitenskap og humaniora, og til rettsvitenskap, medisin og teologi.

Men trass i skilnader av ulikt slag, mellom dei ulike universitet, er det i dag ein del felles trekk, for eksempel i Europa, der universiteta i stigande grad blir omorganiserte som *masseinstitusjonar* som er *marknadsorienterte* og *administrativt kontrollerte*.<sup>122</sup> Dermed er det flust med felles problem for dagens universitet.

Nokre av desse trendane er beklagelege, jamvel når dei er sette ut i livet med (meir eller mindre) gode intensjonar, slik som for mange av dei institusjonelle endringane av europeiske

---

<sup>121</sup> Det gjeld storleik, det gjeld organisering og styring, eksternt og internt, det gjeld finansielle ressursar og graden av akademisk sjølvstyre, det gjeld akademisk kvalitet, og det gjeld spørsmålet om det berre finst eit fåtal disiplinar, i kontrast til eit *full-skala* universitet med heile rekka av forskjellige vitenskaplege disiplinar.

<sup>122</sup> Igjen, det finst forskjellige opplegg: (a) dei som har egne økonomiske ressursar (slik som Harvard), versus dei som søker økonomiske ressursar på marknaden, der dei konkurrerer om studentane (som “konsumentar” som betaler for utdanninga), (b) universitet som blir drivne ut frå bestemte politiske eller religiøse prinsipp, og (3) universitet som er finansierte ved forutseielege og gjennomsiktede offentlege budsjett, med liten ytre innverknad på den akademiske fridommen.

universitet, på grunn av Bologna-prosessen.<sup>123</sup> Følgjeleg, når vi her skal fokusere på det som moderne universitet kunne og burde vere, så har eg ingen illusjonar om den aktuelle situasjonen ved dei fleste universitet i verda i dag.

I denne situasjonen vil eg meine at det er bryet verdt, og sogar påkravd, å stille følgjande spørsmål: *Kva kunne og burde full-skala universitet gjere som svar på dei kunnskapsrelaterte utfordringane i moderne samfunn? Kort sagt. “kva kan full-skala universitet gjere, som er viktig i denne samanhengen, og som desse universiteta kan gjere betre enn alle andre?”*

Kva kan og bør desse universiteta gjere? Her er eit tentativt svar, med utgangspunkt i eit par sentrale poeng:

---

<sup>123</sup> For å samordne høgre utdanning i Europa, er det innført eit felles gradsystem ved europeiske universitet: (1) BA (bachelorgrad), 3 år og ofte berre éin hovuddisiplin. (2) MA (mastergrad), 2 år, med rettleiing (og eventuelt medforfattarskap for masteroppgåva), (3) PhD, under rettleiing og eventuelt medforfattarskap. – Tradisjonelt, ved norske universitet, tok lågare grad, “cand.mag”, 4 år, med eitt *mellomfag*, 1,5 år, og to *grunnfag*, kvar på 1 år, i tillegg til obligatoriske innføringskurs (med eksamen) i logikk og filosofihistorie (examen philosophicum) og latin for filologane, på eit halvt år. (For ein lektor ved norske gymnast kunne valet av disiplinær for eksempel sjå slik ut: *mellomfag* i norsk, og *grunnfag* i historie og i tysk.) Dessutan, *hovudfaget*, høgre grad, tok gjerne 3 år til, og hovudfagskandidaten skulle normalt finne og formulere sitt eige forskingsprosjekt og presentere hovudfagsavhandlinga som eit sjølvstendig og uavhengig arbeid. (I humanistiske fag, der *formuleringane* er avgjerande, var det ikkje medforfattarskap.) Dessutan, ofte var det både skriftleg og munnleg eksamen, med eksterne sensorar og eksaminatorar, ein ressurskrevjande ordning som var mogleg fordi det normalt ikkje var modular på mindre enn eit semester (med unntak av innføringskurs). Mens det i dag er vanleg med kort utdanningsmodular, t.d. på eit sjettedels semester. – Legg så til at det tradisjonelle norske gymnaset på 1970/80-talet vart evaluert som tilsvarande to år ved eit nordamarikansk college. (For eksempel: norske gymnasiastar hadde engelsk, tysk og fransk, i tillegg til to norske skriftspråk, og to andre skandinaviske språk, dansk og svensk, og ein viss kjennskap til gammalnorsk.) – I vår tid, med Bologna-prosessen og universiteta som masseinstitusjonar, er det pengar å hente ved å ha mange studentar, og særleg ved å ha mange studentar som tar eksamen. Ikkje å undrast at den akademiske kvaliteten er under presse – trass i meir rettleiing og ein meir aktiv pedagogisk praksis.

- Kva er det forskarane ved full-skala høgkvalifiserte universitet faktisk gjer? Dei er openbert engasjerte i svært forskjellige aktivitetar. Somme arbeider i lab, andre i bibliotek, eller på sjukehus, eller gjer feltarbeid av eit eller anna slag, og så vidare. Men det er éin aktivitet som er felles for alle disiplinane ved eit slikt universitet: *doktordisputasen*, ideelt sett ein open og opplyst diskusjon, i eit *felles søk etter betre argument*.<sup>124</sup> Følgjeleg må deltakarane i denne typen akademisk aktivitet vere *opne* for (og interesserte i) relevante *motargument*, retta mot eins eigne påstandar.<sup>125</sup> Eit felles argumentativt søk etter betre grunnar, bort frå mindre gode grunnar, idet ein er open for motargument, også om eins eigne føresetnader – dette er dét som forskarane ved akademiske høgkvalitetsuniversitet har felles. Negativt uttrykt, kva emnet enn måtte vere, og kva disiplin det enn måtte vere, “*argumentofobi*” er utellukka. – Sant nok, doktordisputasane er spesielle hendingar ved spesielle høve. Men ettersom doktordisputasane er felles for alle akademiske disiplinar ved desse universiteta, er det å *kunne* arrangere og delta i slike diskusjonar noko som er *felles* for dei alle. Dei er alle i stand til å diskutere og argumentere på denne måten. Neste poeng: I moderne vitskapsbaserte samfunn er det eit påtrengande *behov* (som nyss påpeikt) for slike diskusjonar og gjensidige læringsprosessar,

---

<sup>124</sup> Ofte, som eit *melioristisk* prosjekt: eit felles søk etter *betre* argument. Jamfør diskusjonane om ulike begrep om “fallibilisme» og om ulike tilfelle av kunnskapsmessige sikkerheit, t.d. i Gunnar Skirbekk, *Philosophie der Moderne*, Velbrück Wissenschaft, Weilerswist 2017.

<sup>125</sup> Og dessutan vere opne for kritiske merknader retta mot eins eigne føresetnader.

innanfor og mellom ulike vitenskaplege perspektiv. Derfor, av denne grunn, *bør* dei ulike disiplinane arrangere og kultivere denne typen diskursiv aktivitet, som innslag i deira ordinære verksemd, ved høgt kvalifiserte, full-skala universitet.<sup>126</sup>

- I ei kompleks moderne verd bør studentundervisninga ved full-skala universitet, med eit mangfald av ulike disiplinar og perspektiv, vere prega av at det, grunnleggande sett, er to ting studentane bør lære: lære eit fag, ein modell, og lære at modellen ikkje er realiteten! Med andre ord, dei skal opplæraste i ein disiplin,<sup>127</sup> men samtidig lære at denne disiplinen aleine ikkje fattar alt det som foregår.<sup>128</sup> Økonomane ser noko, og sosiologane, eller psykologane, ser noko anna, om det “same” – og så vidare. Kort sagt, for å vite kva ein veit, må ein vite kva ein ikkje veit.<sup>129</sup> Derfor, i ein *kunnskapsmessig pluralistisk og kompleks* verd, bør vitenskapsfolk og ekspertar vere medvitne om deira eigne *føresetnader og begrensningar* – og også om føresetnader og begrensningar for andre (nærståande) disiplinar. Dessutan, ved

---

<sup>126</sup> For eksempel, i form av felles seminar for stab og studentar, med sterk forventning om at alle skal delta (som ved visse toppuniversitet i USA).

<sup>127</sup> Ideelt sett, med opplæring i meir enn éin disiplin, jf den føregåande fotnoten om fleire fag i tidlegare universitetsutdanning for *lektorar* ved norske *gymnas*.

<sup>128</sup> I grunnforskning er det greitt å gjere éinfagleg forskning, gitt at forskarane er tilstrekkeleg medvitne om deira eigne føresetnader (som eit vilkår for å vite kva dei veit og kva det ikkje veit). Men i ei moderne verd i krise, der forskjellige faktorar ofte går over i kvarandre og gjensidig forsterkar kvar andre, er det ein ekstra grunn til å vere medviten om eins eigne føresetnader og begrensningar, og forholdet deira til andre relevante vitenskaplege perspektiv (fag og disiplinar).

<sup>129</sup> Jf den konfusianske utsegna: sann kunnskap er å vite at ein veit det ein veit og at ein ikkje veit det ein ikkje veit. Frå *Analects*, jf publikasjonen, “*om ei løve kunne tale*”, Universitet i Bergen, Bergen 2012, red. Gunnar Skirbekk og Rasmus Slaattelid.

*fullskala* universitet, med “alle” vitenskaplege disiplinar, kan denne typen innsikt vere *lettare å tileigne seg* enn ved universitet med berre eit fåtal disiplinar, eller ved frittstående forskingsinstitusjonar med berre éin eller få disiplinar – lettare, fordi kollegaer frå andre disiplinar er «over alt», ved eit slikt fullskala universitet.<sup>130</sup> Dessutan, det å vere medviten om eins eigne føresetnader (og begrensningar) er ei avgjerande innsikt, ikkje berre i akademia, men for moderne samfunn generelt, ettersom dette er smfunn som på ulikt vis er avhengig av heile skalaen av ulike (og ofte konkurrerande) disiplinar og disiplinbaserte ekspertgrupper. For eksempel, i mange viktige saker (slik som dei vi drøfta ovanfor), er det eit behov ikkje berre for teknologi og instrumentelle vitenskapar, men også for tolkande og kritisk dannande disiplinar. Kort sagt, etter som vi menneske ikkje er utstyrte med «Guds auge», som ser alle tinge frå alle perspektiv på same tid, så inneber medvitet om kunnskapsmessig perspektivisme og mangfald at “alle” disiplinar trengst for at vi skal kunne hanskast som best vi kan med dei ulike kunnskapsrelaterte utfordringane i komplekse moderne samfunn. Derfor er det å gå inn for naturvitenskap og teknologi, og samtidig sjå bort frå samfunnsvitenskapar og humaniora, ein kunnskapsmessig “anomali”.<sup>131</sup> Kort sagt, det å vere kunnskapsmessig “*halvmoderne*”, i denne forstand, det er noko vi bør prøve å unngå.

---

<sup>130</sup> Mellom anna avhengig av institusjonelle og arkitektoniske arrangement.

<sup>131</sup> “Anomali”, i Weberiansk forstand, med referanse til samfunnsmessig patologi.



- I den grad moderne full-skala og høgkvalifiserte universitet har eit potensiale både for å fremje eit felles diskuterande søk etter betre argument, der ein tar mot-argument på alvor, og for eit refleksivt og sjølvkritisk medvit om ulike kunnskapsmessige perspektiv og føresetnader (og begrensningar), eins egne så vel som dei andres, så er desse universiteta *i stand til* å spele ei viktig rolle i moderne vitskapsbaserte risikosamfunn.<sup>132</sup>

Så her er svaret mitt på det spørsmålet vi reiste ovanfor: Med dette potensialet for argumenterende resonnement, og med gode vilkår for å kunne reflektere over ulike epistemiske føresetnader og begrensningar, bør full-skala og høgkvalifiserte universitet vere i stand til å utføre denne typen sjølvkritisk kunnskapsmessig kvalitetskontroll,<sup>133</sup> som på avgjerande vis trengst i komplekse moderne samfunn. Og slike universitet kan dette betre enn alle andre. (Men samtidig bør vi ikkje vere blinde for den mistrøstige stoda, ved mange universitetsinstitusjonar i vår tid.)

Men for at dette potensialet skal verkeleggjerast, er det visse krav som må tilfredsstillast. Eg skal kort vise til somme slike fordringar, slik eg ser det:

---

<sup>132</sup> Termen er lånt frå Ulrich Beck, jf. *Risk Society: Toward a New Modernity*. Sage, New Delhi 1992; tysk original 1986.

<sup>133</sup> “Kritikk” i Kantiansk forstand, ikkje som “avvising”, men som “lutring” (forbetring). Jamfør titlane «Kritikk av den reine fornuft», “Kritikk av den praktiske fornuft».

I eit analytisk perspektiv<sup>134</sup> er det ein skilnad mellom institusjonar som fungerer ut frå *strategisk rasjonalitet* på søk etter makt eller profitt, og institusjonar som fungerer ut frå *kommunikativ og argumentativ rasjonalitet* på søke etter betre innsikt og forståing.<sup>135</sup> Visseleg, empirisk sett er det ofte gråsoner og overgangar mellom dei to.<sup>136</sup> Men likevel, denne analytiske distinksjonen er ofte nyttig.<sup>137</sup> For eksempel, søket etter betre argument og ny innsikt kan lett bli forkludra dersom aktørane primært er motiverte av eit søk for pengar eller politisk makt.<sup>138</sup> Derfor, for å gjere det dei kan og bør gjere, som er viktig, og som dei kan gjere betre enn alle andre, bør full-skala høgkvalifiserte universitet ha ein viss *autonomi* i forhold til økonomiske marknader og politiske makter, som begge primært fungerer ut frå strategisk rasjonalitet.

I den grad modernisering blir forstått som pågåande differensiering av institusjonar og “verdisfærar” (medrekna kunnskapsmessige verdiar), som hos Max Weber og Jürgen Habermas, kan ei forkludring av skilnadene mellom ulike institusjonar og deira ulike rasjonalitetsformer føre til anti-moderne *anomaliar*, som når marknadsinstitusjonar (med primært

---

<sup>134</sup> Der vi opererer med begrepsmessige distinksjonar og ser bort frå empiriske overgangar.

<sup>135</sup> For diskusjonen om desse begrepa, sjå Jürgen Habermas, *Theorie des kommunikativen Handelns*, Suhrkamp, Frankfurt am Main 1981.

<sup>136</sup> Til dømes, ubevisste ønske om ære og anerkjenning.

<sup>137</sup> For eksempel, slik som den analytiske distinksjonen mellom sjuk og frisk. Ein viktig distinksjon, sjølv om vi stort sett er noko midt imellom.

<sup>138</sup> Dette er velkjent frå den pågåande debatten om juks og korrump forskning, og dermed frå diskusjonen om mangel på tillit, hos folk flest, til vitskapleg forskning.

strategisk rasjonalitet) ekspanderer og går over i institusjonar som primært fungerer ut frå kommunikativ og argumentativ rasjonalitet (slik som ved vitskapleg søk etter betre argument).<sup>139</sup>

Følgjeleg, for full-skala universitet med høg kvalitet er det eit behov for *open og forutseibar økonomisk finansiering*, forskjellig frå den type økonomisk finansiering som ein oppnår på marknaden – med andre ord, for slike universitet er det behov for open og forutseibar økonomisk finansiering, som for eksempel blir gitt av ein moderne og kompetent rettsstat,<sup>140</sup> utan utidige ideologiske vilkår og ambisjonar.

Likeins, det er behov for ein *open og kompetent administrasjon* og for *akademisk sjølvstyre*, ved desse universiteta.

Dessutan trengst det ein *arkitektur* og ei *områdeplanlegging* som legg til rette for organiserte og spontante samankomstar og samarbeid mellom kollegaer frå ulike fag.

Endeleg er det eit behov for ein *samarbeidskultur* som kan styrkast ved høvelege *pedagogiske tiltak*.<sup>141</sup>

---

<sup>139</sup> Følgjeleg, ein patologisk trend, i moderne samfunn.

<sup>140</sup> Igjen, som hos Francis Fukuyama, *Political Order and Political Decay*.

<sup>141</sup> Slik som (1) obligatoriske innføringskurs av det slaget vi hadde ved norske universitet, ved *examen philosophicum*, med praktisk trening i begrepsanalyse og klar språkbruk, saman med ei innføring i filosofihistorie og vitskapsfilosofi; (2) seminar med to (eller fleire) lærarar frå ulike fag, seminar som (t.d.) går for eit heilt semester, med dei same lærarane, frå ulike disiplinar, side om side heile seminsteret, slik at studentane opplever tverrfagleg samarbeid *live*; og (3) obligatorisk trening i “*vitskapsteori*” for phd-kandidatar, slik vi har det i regi av Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen.

Kort sagt, som tilsvar til kunnskapsmessige utfordringar i moderne vitenskapsbaserte risikosamfunn, kan og bør moderne fullskala og høgkvalifiserte universitet gjere sitt beste for å fremje open og opplyst diskusjon så vel som ei erkjenning av kunnskapsmessige føresetnader og begrensningar, og såleis fremje ein opplyst, sjølvkritisk og melioristisk tillit til vitenskapleg verksemd.<sup>142</sup>

Desse universiteta burde også ta ansvar for ei kunnskapsmessig forbetra utdanning av lærarar i vidaregåande skular og for folk som arbeider i media. Dette poenget skal eg følgje opp i dei neste avsnitta.

## Skule

Alle velfungerande moderne demokrati har skuleplikt. Grunnen er klar nok: som myndige statsborgarar<sup>143</sup> i moderne demokrati har vi rett til å velje, og til å bli valde, til den lovgivande nasjonalforsamlinga, som vedtar tvingande lover for ein sjølv og for alle andre statsborgarar. Følgjeleg, som myndige statsborgarar er føresetnaden at vi er tilstrekkeleg opplyste og sjølvstendige, til å kunne fatte desse vedtaka. Derfor er eit obligatoriske skulesystem, med god grunnutdanning for alle statsborgarar, eit vilkår for eit velfungerande moderne demokrati.

---

<sup>142</sup> “Meliorisme”, det å forbetre.

<sup>143</sup> Som myndige *statsborgarar*, i rettsleg forstand, ikkje berre som borgarar eller medborgarar. På dette avgjerande punktet er det engelske språket påfallande upresist, ved å bruke same ord, “citizen”, for ganske forskjellige begrep (og roller).

Men sidan tidleg 1800-tal, då somme land vart demokratiske,<sup>144</sup> har verda endra seg dramatisk. Verda er vorten langt meir kompleks. Derfor er behovet for eit omfattande og kvalitetssikra utdanningssystem for alle statsborgarar blitt endå meir påtrengande. Sant nok, eit moderne skulesystem skal utdanne den yngre generasjon for eit mangfald av jobbar og for nødvendige sosial ferdigheiter, men i tillegg er det i eit moderne demokrati eit klart behov for å førebu den yngre generasjon for grunnleggande utfordringar som møter alle myndige statsborgarar i institusjonelt og kunnskapsmessig differensierte risikosamfunn.<sup>145</sup> Kort sagt, i eit moderne demokrati, i krisetider, er det ei hovudmålsetjing for skulesystemet at det fostrar opplyste og medansvarlege statsborgarar.

Det å få på plass og å drive eit slik utdanningssystem, som er avgjerande for myndige og medansvarlege statsborgarar i moderne risikosamfunn, det er grunnleggande sett ei *offentleg* oppgåve, i velfungerande moderne demokrati, primært ei *statleg* oppgåve. Kort sagt, det grunnleggande felles skulesystemet bør ikkje organiserast og drivast av private aktørar med økonomiske motiv og interesser, og heller ikkje av aktørar med ein ideologisk agenda

---

<sup>144</sup> Som for Noreg, etter Napoleonskrigen, i 1814.

<sup>145</sup> Dessutan, som innslag i eit obligatorisk skulesystem, med det mål å fostre grunnleggande samfunnsmessig tillit og samhald, bør det også inngå aktivitetar slik som klasseturar til andre delar av landet, eller ut i naturen.

som kan fostre “halvmoderne” og “argumentofobe” holdningar, men av kvalitetssikra og ansvarlege statlege organ.<sup>146</sup>

I eit vidare perspektiv, med tanke på grunnleggande sosial likskap (og sosialt samhald og sosial mobilitet), bør heile utdanningssystemet i velfungerande moderne demokrati, frå barnehage til universitet, vere eit offentleg ansvar og ei statleg oppgåve – gratis, for alle barn og unge, både elevar og studentar.

Men eit godt utdanningssystem forutset genuint motiverte og velutdanna lærarar, anstendig betalt, med rimelege arbeidsvilkår, og sosialt anerkjent for det dei gjer og for det viktige arbeidet dei utfører. I land med ein tradisjon av lojale og kompetente embetsfolk, meritokratisk og vel utdanna (slik som i Skandinavia),<sup>147</sup> er det her ein spesiell og interessant opsjon: for å styrke den sosiale status og sosial anerkjenning av læraryrket, for alle lærarar som arbeider i statlege utdanningsinstitusjonar, frå barnehage til universitet, kunne dei, offisielt og offentleg, ved ei formell og symbolsk handling,<sup>148</sup> titulerast som *embetsfolk!*<sup>149</sup>

---

<sup>146</sup> Med unntak av rimelege versjonar av (t.d.) Montessori-skular eller Steiner-inspirerte skular, ikkje minst for spesielle ungar og ungdommar.

<sup>147</sup> Før 1989 vart norske professorar ved norske universitet formelt utnemnde som embetsmenn (og embetskvinner) av Kongen. Det galdt også for lektorane ved katedralskulane.

<sup>148</sup> I ei globalisert verd, med ei urimeleg sterk utbreiing av den økonomiske institusjonen, er det grunnar for å styrke statlege institusjonar (“stat”, som hos Fukuyama). Derfor burde vi vurdere om den symbolske status av det å vere (kongeleg) *embetsfolk* kunne utvidast til å omfatte alt personell ved grunnleggande statlege institusjonar, slik som rettsvesen, politi og forsvar.

<sup>149</sup> Når vi har eit demokratisk og formelt monarki, kunne jo dette t.d. gjerast ved ei rituell overrekking av eit formelt diplom eller andre synlege gjenstandar, i regi av monarkiet.

## Media

Ny teknologi og nye institusjonelle rammevilkår har ført til store endringar i media og den offentlege sfæren.<sup>150</sup> Ut frå det eg her har sagt, om kor viktig det er med eit godt felles utdanningssystem i moderne risikosamfunn og om kor viktig det vil vere med forbetra versjonar innanfor universitetssektoren, skal eg føye til nokre merknader om det som moglegvis kunne gjerast for å betre arbeidsvilkåra for journalistar og andre som arbeider i media og for å styrke den kunnskapsmessige kvaliteten i det dei gjer. Først, ein allmenn merknad:

- Kort sagt, det som journalistar “produserer” i tradisjonelle media, slik som aviser, radio og fjernsyn, er i stigande grad blitt *varer på marknaden* (til og med på *aksjemarknaden*). Det skal selje! Denne forskyvinga inneber ei endring av rasjonale og rasjonalitet, kort sagt: ei styrking av strategisk og instrumentell rasjonalitet på jakt etter (maksimal) profitt, og ei svekking av den type rasjonalitet som er påkravd for kunnskapsmessig kvalitet og soliditet. Sett ut frå eit modernitetsteoretisk perspektiv er dette ein anomali: ein inadekvat institusjonell setting og ein upassande type rasjonalitet.<sup>151</sup>
- Så er det endringar på grunn av *ny teknologi* – enkelt sagt: meir digitalt, mindre papir, større fart. Kombinert med marknadsrelaterte rammevilkår kan desse teknologiske endringane føre til at det blir

---

<sup>150</sup> Jf. t.d. Tarjei Skirbekk, *Hvordan ville valg*, Spartacus, Oslo 2015, og Jaron Lanier, *Ten Arguments for Deleting Your Social Media Account Right Now*, Vintage Publishing, London 2018.

<sup>151</sup> Eit slags “kategorimistak”, som filosofane seier.

mindre tid for kunnskapsmessig krevjande oppgåver, og at det blir ein meir usikker arbeidsmarknad for journalistar.

I så fall, kva bør gjerast? I det minste burde visse institusjonelle tiltak vurderast:

- *Økonomisk støtte*, det er eitt mogleg grep: open og forutseieleg økonomisk støtte, *frå statleg hald*,<sup>152</sup> til seriøse offentlege media slik som aviser, radio og fjernsyn.<sup>153</sup> Men vil slik støtte sikre kunnskapsmessig kvalitet? Ikkje nødvendigvis. Derfor bør det inngå visse krav, ikkje om innhald og journalistisk arbeid – ein anstendig moderne stat, med klare grenser, vil heller ikkje blande seg inn i det journalistane gjer (og kan det heller ikkje, rettsleg sett). (Om nødvendig, kan domstolane gripe inn.) Men, som eit vilkår for økonomisk støtte kunne det frå statleg hald bli stilt krav om ein viss *kompetanse*, hos journalistar og faste kommentatorar, med tanke på *grunnleggande utfordringar* i komplekse moderne samfunn, og om ei viss *openheit* i så måte (sjå seinare, om opne og informative CVar).
- *Offentlege media, formelt og økonomisk drifta av kvalifiserte statlege organisasjonar* (slik som NRK, *Norsk rikskringkasting*),<sup>154</sup>

---

<sup>152</sup> Jf merknadene mine, nedanfor, om kva slag “stat” eg har i tankane.

<sup>153</sup> Sant nok, i moderne samfunn er det store variasjonar når det gjeld “media” og offentlege fora, ofte organisert på ulike vis, på papir og digitalt. Dessutan, ikkje berre aviser, radio og fjernsyn, men også (t.d.) bøker og tidsskrift høyrer til den offentlege sfæren (*die Öffentlichkeit*).

<sup>154</sup> I norsk samanheng, trass i feil og manglar, har vi ein lang kulturell og organsatorisk tradisjon med relativt anstendig statleg eigarskap av offentlege media. Men generelt sett



med full journalistisk fridom og autonomi (fridom også frå marknadskreftene) – dét er også eit mogleg grep. Men dette aleine sikrar ikkje kunnskapsmessig kvalitet. Igjen, visse vilkår må på plass, som nemnt ovanfor.

Kort sagt, for å få offentleg støtte, bør *media og journalistar* forsikre oss om at deira profesjonelle og praktiske bakgrunn er tilstrekkeleg relevant og adekvat i møte med dei mangesidige utfordringane i komplekse moderne samfunn, ikkje minst med tanke på dei kunnskapsrelaterte utfordringane som vi har henvist til ovanfor. For eksempel, innanfor ei gruppe journalistar ved ei viktig avis eller ein viktig fjernsynstasjon, bør det vere folk med ein viss kompetanse i den type kunnskapsrelaterte utfordringar som vi har nemnt ovanfor.

Dessutan, for at folk flest skal kunne gjere seg opp ei meining om det som journalistar og faste kommentatorar seier og skriv, bør publikum ha tilgang til informasjon om den enkeltes bakgrunn og perspektiv, og begrensningar – om «kva dei kan og ikkje kan». Kort sagt, ein *informativ CV* for kvar journalist og kommentator bør vere *offentleg tilgjengeleg*, t.d. på internett (slik det er for vitskapsfolk ved seriøse universitet).<sup>155</sup>

---

er ein høg grad av varsemd nødvendig dersom ein stat, utan slike tradisjonar, skulle ta ansvar for offentlege media.

<sup>155</sup> Det er påfallande og beklageleg at viktige aviser (slik som Schibstedt-avisene Aftenposten og Bergens Tidende) ikkje offentleggjer denne typen informasjon om deira journalistar og faste kommentatorar. Kvifor dette hemmelegghaldet? Burde ikkje offentlege media vere opne og gjennomsiktige om slike viktige informasjonar?

Til slutt, eit tentativt forslag om visse former for *felles arbeidserfaring* for journalistar og folk ved høgkvalifiserte, full-skala universitet,<sup>156</sup> for eksempel i form av *jobb-utveksling*,<sup>157</sup> anten for ein viss periode, av og til, eller meir permanent, ved visse former og visse gradar av dobbelt-stilling – ikkje primært for mange personar, men i det minste for nokre, på frivillig basis, når alle partar, medrekna på institusjonelt nivå, er positive til ei slik ordning. Ville det vere noko å lære, for alle partar, ved slike gjensidige arbeidsarrangement? Noko som kunne vere nyttig for vår felles innsats i møte med dei kunnskapsrelaterte utfordringane i moderne samfunn?

I moderne og komplekse samfunn treng vi ikkje berre “faktasjekk”, men også ei open og sjølvkritisk evaluering av den *kunnskapsmessige*<sup>158</sup> kompetansen hos sentrale aktørar, slik som hos PR-agentar og konsultantar av ulikt slag, så vel som hos sentrale talspersonar, kommentatorar og politikarar. Ei slik evaluering burde i så fall skje opent og offentleg, for eksempel i form av *streaming* på internett.

Utført av kven? Eit tentativt forslag: av ei gruppe høgt rangerte forskarar med sjølvkritisk kunnskapsteoretisk kompetanse, som er

---

<sup>156</sup> Vi refererer her til høgt kvalifiserte, full-skala universitet, som fremjar og fostrar sjølvkritisk kunnskapsrelatert kompetanse. Men ein deltidsjobb eller eit korttidsopphald ved éinfaglege institusjonar med svakt sjølvkritisk kunnskapsrelatert kompetanse, kan lett bli direkte kontraproduktivt i denne samanhengen, og derfor noko vi bør unngå. For som kjent, det finst tilfelle av det vi kan kalle *akademisk fordumming*. Jf. t.d. Jon Elster, “Hard and soft obscurantism in the humanities and social sciences”, *Diogenes* 1-2/2011: 159-170.

<sup>157</sup> Visseleg, for at slike arrangement skal fungere, er det mangt som må på plass, institusjonelt og økonomisk, så vel som personleg.

<sup>158</sup> Kunnskapsmessig, slik termen «vitskapsteoretisk» blir brukt her til lands, jf nettsidene til Senter for vitskapsteori ved Universitetet i Bergen.

fritt-talende og uavhengige fordi dei har rettsvern<sup>159</sup> og er økonomisk uavhengige.<sup>160</sup> Likevel, ingen er fullkommen, og det vil alltid vere behov for ytterlegare sjølvkritiske og opne diskusjonar, for å sjekke dei som sjekkar. Ikkje desto mindre, i møte med dei kunnskapsrelaterte utfordringane i moderne samfunn, kunne dette vere eit tiltak som kanskje kunne gjere situasjonen litt mindre mistrøstig.<sup>161</sup>

## Sosioøkonomiske og sosiokulturelle føresetnader?

I denne teksten har eg fokusert på kunnskapsrelaterte utfordringar i moderne vitenskapsbaserte risiko-samfunn, og eg har vist til behovet for å styrke den sjølvkritiske kunnskapsmessige kompetansen ved visse viktige institusjonar (universitet, skular, media). Men i møte med ulike slag av mistru og uro, ikkje minst blant dei i samfunnet som føler at dei blir hengande etter, er det dessutan ofte behov for å sjå på forskjellige sosio-økonomiske og sosio-kulturelle vilkår.

Dette er komplekse saker,<sup>162</sup> så eg avgrensar meg til nokre tentative forslag:<sup>163</sup> God utdanning er godt for alle.<sup>164</sup> Men, for å

---

<sup>159</sup> Det vil seie, personar som berre kan seiast opp ved lov og dom, slik det var for norske embetsmenn.

<sup>160</sup> Med inntekt og pensjon som er sikra ved ein stabil og anstendig rettsstat, slik det brukte å vere for norske professorar, som statstilsette og statsløna embetsmenn.

<sup>161</sup> Offentlege evalueringar av dette slaget ville kunne ha praktiske implikasjonar for omdømmet og økonomien til dei som blir offenleg evaluerte på denne måte, det gjeld både for den enkelte, personleg, og for den organisasjonen der vedkommande jobbar. Og dét med rette.

<sup>162</sup> Derfor har eg lagt til eit spørsmålsteikn til overskrifta for dette avsnittet.

<sup>163</sup> Som *vitenskapsfilosof* har eg ikkje profesjonell kompetanse i dei empiriske spørsmåla som inngår her. Med dette atterhaldet skal eg nemne eit par hypotesar.

<sup>164</sup> Ikkje minst med tanke på underklassa, men også for den sosiale mobiliteten og for det sosiale samhaldet.

seie det enkelt: utdanning er eit nødvendig, men ikkje eit tilstrekkeleg vilkår for å ta hand om dei utfordringane som vi nemnde ovanfor. Det finst også vilkår av sosio-økonomiske og sosio-kulturell art. Jamfør Marx' kritikk av Feuerbachs tiltru til den frigjerande verknaden av ein teoretisk kritikk av religion, for folk i arbeidarklassa som lever mistrøstige liv. Ifølgje Marx er religion "opium for folket", ei illusorisk trøyst for dei som lever miserable liv. For å frigjere desse folka frå den typen «falskt medvit» (slik Marx såg det), må den sosio-økonomiske situationen deira endrast og forbetrast. ("*Erst kommt das Fressen, und dann kommt die Moral*",<sup>165</sup> ifølgje Brecht. "Soup, soap, and salvation", ifølgje Frelsesarmen.) Følgjeleg, i tillegg til god utdanning må den sosio-økonomiske situasjonen hos dei underprivilegerte forbetrast radikalt<sup>166</sup>

Samtidig, av økologiske grunnar, må det materielle forbruket vere berekraftig, det vil seie, moderat, for alle – og med moderate skilnader mellom samfunnsklassene.

Dessutan er det eit spørsmål om sosio-kulturell anerkjening: korvidt ein blir sett og anerkjent, og ikkje oversett eller sett ned på. Følgjeleg, når det å ikkje bli sett, å ikkje bli anerkjent, blir kombinert med sosio-økonomiske misære i eit samfunn med stor sosio-økonomisk ulikskap og med maktelitar som dominerer og

---

<sup>165</sup> "Først, eting, så moral" (mi omsetjing).

<sup>166</sup> Dette kan vi i dag vere vitne til i mange land. USA er eitt av dei.

manipulerer det offentlege rom (og internett<sup>167</sup>), då kan “fake news” og “post-truth” lett bløme opp, i vedkommande samfunn.

Ettersom den moderne verda er kompleks og mangefasettert, må tilsvaret vårt også vere omfattande og variert: God utdanning for alle, kombinert med anstendige sosio-økonomiske livsvilkår og sosio-kulturelle anerkjenning i eit rimeleg egalitert og gjennomsiktig samfunn, dette er truleg blant dei tiltaka som bør etterstrevast både av allmenne politiske grunnar og med tanke på den kunnskapsrelaterte konstellasjonen i moderne samfunn.<sup>168</sup>

## “Stat”

Fordi, enkelt sagt, marknadskrefter fungerer ut frå *strategisk rasjonalitet*, i kontrast til *argumentativ rasjonalitet*, med eit felles søk etter betre argument, som eit grunnleggande og felles trekk ved vitskapleg aktivitet, så bør vi oppsøke eit institusjonelt rammeverk

---

<sup>167</sup> For eksempel, ved bruk av algoritmar, som hos *Cambridge Analytica*, under valkampen til Trump.

<sup>168</sup> Somme av desse faktorane vart tekne vare på ved moderniseringsprosessane som førte fram til dei skandinaviske velferdsstatane på eit tidlegare og mindre komplekst stadium, med vekt på felles folkeskule (gratis), ein høg grad av sjølvorganisering, bruk av forskjellige former for fornuft og rasjonalitet, og ei viss evne til å argumentere offentleg om stridige tema, kombinerte med lover for arbeidsliv, og eit sentralt samarbeid mellom arbeidsgivarane og sterke fagforeiningar (med forhandlingar om løn og arbeidsvilkår), kombinerte med sjuketrygd, sosial velferd og ein viss grad av økonomisk omfordeling. Dermed fekk vi eit sosialt og økonomisk system med høg produktivitet og sosial mobilitet. Sant nok, i vår tid er dette systemet under press frå ein stadig sterkare teknologibasert og globalisert kapitalisme. Men dette er stadig eit interessant opplegg, vel verdt eit forsvar, på eit økologisk berekraftig nivå, for det som enno er tilbake.

for slike kunnskapsrelaterte aktivitetar, eit rammeverk som er forskjellig frå økonomiske institusjonar. Ut frå tilsvarende grunnar bør vi unngå politiske institusjonar som primært fungerer ut frå strategisk rasjonalitet. Men politikk er tvitydig i så måte: både maktrelatert og argumentasjonsrelatert. Politiske institusjonar og avgjerder kan også vere modererte og forma ut frå diskursive og argumentative prosessar. Dessutan, dei ulike eksisterande statane, også formalt demokratiske statar, er vidt forskjellige både institusjonelt og kulturelt, og dermed også med tanke på kunnskapsmessig kvalitet og institusjonell modernisering.<sup>169</sup>

Kort sagt, i den grad statlege institusjonar blir sett på som grunnlag for finansiering av kunnskapsrelaterte institusjonar slik som universitet, skular og media, bør vi vere på utkikk etter dei gode tilfella, og sjølv då med eit kritisk blick. Som eit første steg minner eg om Fukuyamas statsbegrep, karakterisert ved rettsstat (*rule of law*),<sup>170</sup> demokratisk *checks-and-balances*,<sup>171</sup> og ein meritokratiske, kompetent og lojal statesadministrasjon.<sup>172</sup> Her vil eg føye til eit par tentative poeng:

Ein demokratisk og opplyst stat av dette slaget er truleg å foretrekke som institusjonell setting (alternativa tatt i betraktning,

---

<sup>169</sup> Dette var ein av dei kritiske merknadene med adresse til dei to FN-deklarasjonane: ein mangel på begrepsavklaring i omtalen av “statar”.

<sup>170</sup> Ikkje berre “rule by the law”, men “rule of law”, som gjeld for alle, også for dei som styrer.

<sup>171</sup> Og dermed ein opplyst og kritisk offentleg debatt om viktige og påtrengande spørsmål.

<sup>172</sup> For Fukuyama: “getting to Denmark!”.

og utan illusjonar) med tanke på å styrke kunnskapsmessig kvalitet og autonomi ved universitet, skular, og offentlege media, og såleis for å styrke dei sjølvkritiske kunnskapsrelaterte praksisane i desse samfunna generelt. Men for at dette skal skje, bør sjølvkritisk kunnskapsrelatert kompetanse bli implementert i danninga av og praksisen til det statlege embetsverket. – Dette er visseleg sterke påstandar. Dei må takast melioristiske og gradualistisk, ikkje perfeksjonistisk.

I moderne samfunn i krise, i ei globaliserte verd, bør vi ha pågåande og oppgåande diskusjonar om dei meir høvelege (og mindre uheldige) forhold med tanke på statsstyre *i* ein stat og med tanke på *mellom*-statlege ordningar. Men (fritt etter Fukuyama), utan ein stat (som omtala ovanfor), har du ingenting!<sup>173</sup>

---

<sup>173</sup> Noko som blir påvist, klart og tragisk, i tilfelle slik som den formelt proklamerte “staten” Sør Sudan (der det knapt finst fungerande statlege institusjonar).





## Oppsummering

I denne teksten byrja eg med å framheve kompleksiteten ved dei kunnskapsmessige utfordringane i moderne vitenskapsbaserte risikosmfunn, idet eg understreka behovet for sjølvkritisk kunnskapsmessig kompetanse.<sup>174</sup> På denne bakgrunnen såg vi på eit utval aktuelle tekstar – to frå FN, éin frå *World Economic Forum*, og ein NOU bestilt av Finansdepartementet. Poenget var å sjå etter i kva monn avgjerande kunnskapsrelaterte utfordringar blir omtala og drøfta på ein rimeleg god måte. Til sist har eg reist spørsmålet: Kva bør gjerast? Kva kunne vi, om mogleg, gjere for å møte desse utfordringane?

Ettersom denne teksten fokuserer på kunnskapsrelaterte utfordringar, har eg vist til tre sentrale institusjonar – universitetet, skulesystem, og den offentlege sfære – der vi, slik eg ser det, kunne og burde gjere ein innsats for å styrke kunnskapsmessig kvalitet og relevans. Men så er det, sjølv sagt, alle dei andre utfordringane i ei moderne verd i krise, institusjonelt og økologiske og på andre måtar. Men i denne teksten har eg argumentert for at *dei kunnskapsrelaterte utfordringane* er viktige og påtrengande, også

---

<sup>174</sup> Referert til ved termen “*vitskapsteori*”, slik denne termen blir brukt i norsk samanheng, t.d. ved Senter for vitskapsteori, Universitetet i Bergen.

dei – også dei bør takast på alvor i denne samanhengen. Dette er den *grunnleggande påstanden* i denne «tidsdiagnosen».

Så er det også ein annan bodskap, i det eg har sagt: Det er mangt vi kan og bør gjere, i denne samanhengen; derfor er *passiv pessimisme* ikkje mitt svar. Tvert om, eg oppfattar passive pessimism som eit slags “kategorimistak” (som filosofane seier) – fordi, så lenge vi er i live, er vi deltakarar, ikkje berre åskodarar,<sup>175</sup> og dermed kan og bør vi gjere så godt vi kan. Derfor er eg *meliorist* og *gradualist*: utan ambisjon om å nå det perfekte, bør vi prøve å endre det vi kan, til noko betre, eller til noko som er mindre negativt enn det elles ville ha vori.

---

<sup>175</sup> Jf. Hans Skjervheims klassikar, “Deltakar og tilskodar”.

## Referansar

Apel, Karl-Otto	56
<i>Argumentofob</i>	18, 33, 43, 59, 64,72
Aven, Terje	45, 47
Beck, Ulrich	67
<i>Begrep, begrepsfattigdom</i>	5-6, 8-9, 11, 17, 26, 29-31, 41-42, 47-50, 53, 80
Boye, Ebba	29
Brecht, Bertolt	78
Bricker, Darrell	11
Carney, Mark	47
Clearfield, Chris	35, 40
<i>Demografi</i>	11, 27-29, 38, 55
Elster, Jon	76
<i>Fake news</i>	39, 79
Feuerbach, Ludwig	78
Fukuyama, Francis	9, 30, 40, 50, 69, 72, 80-81
<i>Føresetnad</i>	14-15, 31, 33, 49, 56, 64-67, 70-71
<i>Globalisering, globalisert</i>	13, 25, 39, 72, 79, 81
Greve, Hanne Sophie	23
Habermas, Jürgen	16-17, 30, 39, 41-42, 68
<i>Halvmoderne</i>	18, 33, 42, 59, 66, 72
Hoen, Maria F.	28
Ibbitson, John	11

*Institusjon; jf. modernisering, moderniseringsteori* 1, 6, 10, 13-14, 16-17, 30-33, 39, 40-42, 47-48, 50-51, 53, 55-57, 61-63, 66-69, 71-74, 76-77, 79-81, 83

*Kapitalisme* 13, 16, 29, 40, 55, 79

Kepel, Gilles 33

*Krig* 12, 14, 29, 76

Kverndokk, Snorre 13, 49

Lanier, Jaron 73

*Makt* 14-15, 30-31, 51, 68, 78, 80

*Marknad* 13, 29, 47, 62, 68-69, 73-75, 79

Markussen, Simen 28

Marx, Karl 29, 78

Materstvedt, Lars Johan 18

Mattis, James 12

*Militære; jf. krig, våpen* 12, 16, 29-30, 37-38, 55

*Modernitet; modernisering, modernisering av medvitet, kulturell modernisering* 6, 13, 17, 30, 32-34, 39, 41-42, 49-50, 57, 59, 68, 79, 80

Mohn, Klaus 47

Nobel, Alfred 47

Nordhaus, William D. 47, 49

Obaid, Thoraya Ahmed 11, 28

O'Neill, Onora 9

*Perspektiv* 29, 31, 33, 42, 46-47, 49, 57, 59, 65-68, 72-73, 75

Polanyi, Michael 57

*Post truth* 79-80

*Rasjonalitet* 16, 18, 33, 42, 56-57, 68-69, 73, 79

Ryle, Gilbert	56-57
Røed, Knut	28
<i>Sikkerheit; usikkerheit</i>	3, 14, 31, 47-48, 51
Skirbekk, Gunnar	33-34, 50, 56-57, 65-65
Skirbekk, Tarjei	73
Skjervheim, Hans	84
Slaattelid, Rasmus	65
Smith, Adam	40
<i>Stat</i>	9, 11, 13-14, 16-17, 21, 23-25, 27, 30, 32-36, 38, 40-41, 48, 54, 69, 72, 74-75, 77, 79, 80-81
<i>Statsborgar</i>	17, 34, 70-71, 74
Taleb, Nassim	47
<i>Teknologi</i>	10, 12-13, 15, 18, 29-30, 37, 39, 49, 55, 59, 66, 73, 79
Tilcsik, András	35, 40
Tranøy, Knut Erik	57
Trump, Donald	79
<i>Vitskapsteori</i>	47, 49, 69, 76, 83
<i>Våpen; masseøydeleggingsvåpen</i>	12, 33, 37-39, 42, 55, 59
Weber, Max	16, 30, 39, 66, 68
Wittgenstein, Ludwig	57
Østerud, Øyvind	9, 30, 40

